



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
201208768-34/344/STIOSE

Klima- og naturressursseksjonen
201103056-22 KSK/170L
200802343-26 KSK/AVKO
201004105-22 KSK/170L
201103053-25 KSK/1505B
201103955-21 KSK/1505B
201107080-31 KSK/170L
200906342-25
201001617-27
201100802-25 KSK/1505B
Bergen, 01. juli 2013
201003462-20 KSK/AVKO

Høyering - fleire søkjarar - søknad om løyve til å byggje 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang kommunar - Fråsegn Hordaland Fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 11.4.2013 kor Hordaland fylkeskommune er beden om å komma med fråsegn i saka søknad om løyve til å byggje 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang kommunar. Fylkesutvalet handsama saka i sak 172/13 og 172/13 og gjorde følgjande vedtak:

Vedtak for sakene som ligg i Kvinnherad kommune:

VEDTAK

Fylkesutvalet reagerer på den korte tidsfristen i denne saka. Ein må kunne rekna med lenger handsamingstid for 13 kraftverk enn for eit. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein god samarbeidspart for NVE i energisaker. Vi vil levera fråsegner som har eit godt fagleg grunnlag. Hordaland fylkeskommune utøver mynde i medhald av fleire føresegner, lovverk og regionale planar, og som kulturminnemynde må vi ha tid til synfaring i feltet. Fylkeskommunen er eit politisk forvaltningsnivå. Kraftsaker har stor politisk interesse og fråsegner må til politisk handsaming i våre styrande organ, som er kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.

Børdalselva kraftverk

1. Fylkesutvalet rår til ei utbygging av Børdalselva kraftverk. Fylkesutvalet rår til at det vert teke spesielt omsyn til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.

Eikeelva kraftverk

2. Av omsyn til kulturminne føretrakkjer fylkesutvalet alternativet aust for elva dersom ein unngår konflikt med tufter og steingardar. Det er viktig med gode tiltak for å beskytta tuftene og steingardane.
3. Ein må vurdere høgare minstevasføring av omsyn til landskap.
4. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.
5. Det er naudsynt med gode avklaringar og planar i god tid med det kommunale vassverket.
6. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor setjast ut.

Tverrelva kraftverk

7. Fylkesutvalet rår til utbygging av Tverrelva kraftverk.
8. Av omsyn til kulturminne ber fylkeskommunen om at jordkabel vert lagt i eller rett ved veg slik at ein unngår dyrka mark som har eit visst potensial for funn.
9. Av omsyn til kulturminne rår ein til Hauglandsalternativet.

10. Ein må vurdera høgare minstevassføring av omsyn til bekkjekløfta. Valedalen kraftverk
11. Det er naudsynt å auka minstevassføringa av omsyn til fisk.
12. Fylkesutvalet rår til ei utbygging med alternativ 1 for kraftstasjonsplassering for Valedalen kraftverk.
13. Det er viktig at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
14. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor settast ut.

Vedtak for sakene som gjeld Jondal kommune og Ullensvang herad:

VEDTAK

Fylkesutvalet reagerer på den korte tidsfristen i denne saka. Ein må kunne rekna med lenger handsamingstid for 13 kraftverk enn for eit. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein god samarbeidspart for NVE i energisaker. Vi vil levera fråsegner som har eit godt fagleg grunnlag. Hordaland fylkeskommune utøver mynde i medhald av fleire føresegner, lovverk og regionale planar, og som kulturminnemynde må vi ha tid til synfaring i feltet. Fylkeskommunen er eit politisk forvaltningsnivå. Kraftsaker har stor politisk interesse og fråsegner må til politisk handsaming i våre styrande organ, som er kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.

Sæverhagen (Jondal)

1. Fylkesutvalet saknar ei utgreiing av kulturminneinteresser og konsekvensar tiltaket vil ha på kulturminne i søknaden.
2. Fylkesutvalet fremjar motsegn til plassering og utforming av Sævarhagen kraftstasjon. Motsegna vert trekt dersom konsesjonsvilkåra sikrar at utbygginga ikkje forringar kulturmiljøet i vesentleg grad. Planar og teikningar for kraftstasjonen må godkjennast av Hordaland fylkeskommune som sektorstyremakt innan kulturminnevern.
3. Fylkesutvalet fremjar motsegn til redusert vassføring i elva. Motsegna vert trekt dersom konsesjonsvilkåra sikrar vassføring til drift av den freda oppgangssaga Tveiti, askeladden id 87193. Alternativ løysing med plassering av kraftstasjon høgare oppe i vassdraget bør vurderast. Uavhengig av dette må minstevassføringa i synlege delar av elva vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva som landskapselement.
4. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Grimeelvi (Jondal)

5. Røytraseen og mellombels anleggsveg er i konflikt med fjordlandskapet. Avbøtande tiltak, som tunnel eller bygging ved hjelp av taubane, skal vurderast.
6. Tiltaket er i konflikt med raudlista skorpefjell. Tiltakshavar må endre detaljplanar for tilkomstveg, rigg og kraftstasjon for å unngå å hogge grå-orskogen som laven lever på.

Brattabøelvi (Jondal)

7. Kulturminne tema er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvensar tiltaka vil ha på kulturminne langs elva og den gamle ferdselsvegen gjennom Krossdalen før konsesjon er gitt.
8. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.
9. Auka minstevassføring skal vurderast i sommarhalvåret for å ta vare på Brattebøelvi som landskapselement.
10. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Vassendelva (Jondal)

11. Regulering av Vassendvatnet fører til store negative konsekvensar for friluft og ferdsel og skal ikkje tillatast.
12. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka. Detaljplan for prosjekta må sendast til Hordaland fylkeskommune slik at forholdet til kulturminnelova kan avklarast.
13. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Krossdalselvi (Jondal)

14. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
15. Avbøtande tiltak med ei minstevassføring vil sikre ei viss vassføring forbi kvernhusmiljøet, halde oppe kvaliteten på fisken i elva og ta vare på Krossdalselvi som landskapselement.
16. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Breisete (Jondal)

17. Produksjonen av kraft frå Breisete kraftverk veg ikkje opp for dei negative konsekvensane tiltaket vil få for friluftsliv og potensielt for biologisk mangfald. Fylkesutvalet rår frå utbygging av Breisete kraftverk.
18. Kulturminnetema er ikkje utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvens tiltaka vil ha på kulturminne.
19. Fylkesutvalet fremjar motsegn til vegframføring og jordkabel som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Søkjar må finne alternative løysingar for vegframføring og jordkabel for å unngå konflikt med freda kulturminne.
20. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Tveddal (Jondal)

21. Konsekvensane av utbygging av Tveddal kraftverk er ikkje tilstrekkeleg vurdert, det er potensiell konflikt med kulturminne, biologisk mangfald og landskap. På grunnlag av naturmangfaldlova § 8 og § 9 rår fylkesutvalet frå utbygging av Tveddal kraftverk.
22. Kulturminnetema er ikkje utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvens tiltaket vil ha på kulturminne og vurdere avbøtande tiltak.
23. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Øvre Alsåker (Ullensvang)

24. Det må vurderast høgare minstevassføring av omsyn til biologisk mangfald, særskild fossesprøytonene, og av omsyn til fossane som sentrale landskapselement.
25. Det må undersøkast å endra traséen noko for å unngå nærføring med gråor-heggeskogen slik at den kan skjermast.
26. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.
27. Freda kulturminne nær tiltaksområde må merkast under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.

Med helsing

for
Gudrun Mathisen
Seksjonsleiar klima- og naturressurs
K. Nybo

Stina Ellevseth Oseland
Stina Ellevseth Oseland
Rådgjevar

Kopi: Warren, Elisabeth Jan, Kultur- og idrettsavdelinga
Birkelund, Lars Øyvind, Kultur- og idrettsavdelinga



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201208768
Arkivnr. 344
Sakshandsamar Oseland, Stina Ellevseth

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	11.06.13	67/13
Fylkesutvalet	20.06.13	172/13

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGA 13 SMÅKRAFTVERK I KVINNHERAD - JONDAL OG ULLENSVANG - FRÅSEGN OM SAKENE I KVINNHERAD

Kultur- og ressursutvalet 11.06.13

Grunna manglar i utsendinga av saka, kunne ikkje utvalet handsama småkraftverk frå kommunane Jondal og Ullensvang. Utvalet v/leiar bestemte at saka likevel går vidare til fylkesutvalet utan uttale for desse.

Svein Halleraker(H) sette fram følgjande forslag:

«Bødalselva kraftverk. 1. Fylkesutvalet rår til at det vert teke spesielt omsyn geologisk mangfald, landskap og friluftsliv»

Natalie Golis (Rødt) sette fram følgjande forslag:

«Alternativ til pkt. 11 til 14. På grunnlag av verdifulle område med STOR VERDI, fårår Fylkesutvalet utbygging i Valadalen, til tross for at dette er klassifisert som eit opprustings-utvidingsprosjekt»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram følgjande forslag:

«Av omsyn til natur og miljø fårår fylkesutvalet utbygging av dei omsøkte kraftverka»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram følgjande protokollmerknad på vegne av MDG:

«MDG stiller spørsmål ved om Hordaland fylkeskommune er habil til å handsama søknad om utbygging av Valedalen kraftverk p.g.a. at Hordaland fylkeskommune sjølv eig kraftverket 100%, og ber om ei ytterlegare juridisk vurdering av dette» .»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.1 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf, MDG, Rødt og V) mot Halleraker sitt forslag som fekk 6 røyster (H og Frp) og fall
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 til 10 vart samrøystes vedteke
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.11 til 14 vart vedteke med 11 røyster mot Golis sitt forslag som fekk 2 røyster (Rødt og MDG)
Fylkesrådmannen sitt forslag pk.15 vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Børsdalselva kraftverk

1. Fylkesutvalet rår frå utbygging av Børsdalselva kraftverk av omsyn til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.

Eikeelva kraftverk

2. Av omsyn til kulturminne føretrekk Fylkesutvalet alternativet aust for elva dersom ein unngår konflikt med tufter og steingardar. Det er viktig med gode tiltak for å beskytta tuftene og steingardane.
3. Ein må vurdere høgare minstevassføring av omsyn til landskap.
4. Det må påleggast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.
5. Det er naudsynt med gode avklaringar og planar i god tid med det kommunale vassverket.
6. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor settast ut.

Tverrelva kraftverk

7. Fylkesutvalet rår til utbygging av Tverrelva kraftverk
8. Av omsyn til kulturminne ber fylkeskommunen om at jordkabel vert lagt i eller rett ved veg slik at ein unngår dyrka mark som har eit visst potensial for funn.
9. Av omsyn til kulturminne rår ein til Hauglandsalternativet.
10. Ein må vurdere høgare minstevassføring av omsyn til bekkekløfta.

Valedalen kraftverk

11. Det er naudsynt å auka minstevassføringa av omsyn til fisk.
12. Fylkesutvalet rår til ei utbygging med alternativ 2 for kraftstasjonsplassering av omsyn til biologisk mangfald og friluftsliv.
13. Det er viktig at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
14. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor settast ut.

Øvrig

15. Fylkesutvalet reagerer på den korte tidsfrista i denne saka. Ein må kunne rekna med lenger handsamingstid for 13 kraftverk enn for eit. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein god samarbeidspart for NVE i energisaker. Vi vil levera fråsegner som har eit godt fagleg grunnlag. Hordaland fylkeskommune utøver mynde i medhald av fleire føresegner, lovverk og regionale planar, og som kulturminnemynde må vi ha tid til synfaring i feltet. Fylkeskommunen er eit politisk forvaltningsnivå. Kraftsaker har stor politisk interesse og fråsegner må til politisk handsaming i våre styrande organ, som er kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.

Protokollmerknad frå Tom Sverre Tomren:

MDG stiller spørsmål ved om Hordaland fylkeskommune er habil til å handsame søknad om utbygging av Valedalen kraftverk p.g.a. at Hordaland fylkeskommune sjølv eig kraftverket 100%, og ber om ei ytterlegare juridisk vurdering av dette.

Fylkesutvalet 20.06.13

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 12:

Fylkesutvalet rår til ei utbygging med alternativ 1 for kraftstasjonsplassering for Valedalen kraftverk.»

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. «Saka vert utsett.
2. Fylkesutvalet meiner NVE, med ein alt for kort høyringsfrist, legg opp til ei uforsvarleg sakshandsaming i desse sakene. Det er ikkje gitt god nok tid til å korkje gå inn i enkeltprosjekt eller vurdere samla belastning, slik NVE ber om i sitt høyringsbrev.
3. Fylkesutvalet rår difor generelt til at ingen av kraftverka vert bygd ut.»

Oen sitt forslag om utsetjing fekk 1 røyst (SV) og fall.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

«a) Nytt punkt 16:

Fylkesutvalet set pris på at NVE set prosjekt i samanheng med å presentere ei gruppe søknader for eit større og samanhengande område. Ei slik samanstilling bør også vere følgd opp med ei vurdering av sumverknader for naturmangfald, landskap, turisme- og friluftsverdiar av dei omsøkte prosjekta, sett i samanheng med verknadane av prosjekt som tidlegare er gitt konsesjon og eksisterande kraftanlegg.

b) Nytt punkt 17:

Grunna for dårleg tid til å vurdere både sumverknader og enkeltprosjekt, rår fylkesutvalet generelt at ingen av kraftverka vert bygd ut.»

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt forslag:

«a) Endring i punkt 1 – Børdalselva kraftverk:

Fylkesutvalet rår til ei utbygging av Børdalselva kraftverk. Fylkesutvalet rår til at det vert teke spesielt omsyn til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.»

b) Punkt 15 vert endra til punkt 1.»

Røysting

Oen sitt forslag b) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Kallevåg sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.

Kallevåg sitt forslag a) vart vedteke med 12 røyster mot 3 røyster (V, KrF, SV) for innstillinga.

Innstillinga punkt 2, 3, 4, 5 og 6 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 7 vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Innstillinga punkt 8, 9, 10 og 11 vart samrøystes vedteken.

Strømme sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (V, SV).

Innstillinga punkt 12 fekk 1 røyst (V) og fall.

Innstillinga punkt 13 og 14 vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag a) fekk 3 røyster (SV, V, KrF) og fall.

VEDTAK

Fylkesutvalet reagerer på den korte tidsfristen i denne saka. Ein må kunne rekna med lenger handsamingstid for 13 kraftverk enn for eit. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein god samarbeidspart for NVE i energisaker. Vi vil levera fråsegner som har eit godt fagleg grunnlag. Hordaland fylkeskommune utøver mynde i medhald av fleire føresegner, lovverk og regionale planar, og som kulturminnemynde må vi ha tid til synfaring i feltet. Fylkeskommunen er eit politisk forvaltningsnivå. Kraftsaker har stor politisk interesse og fråsegner må til politisk handsaming i våre styrande organ, som er kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.

Børsdalselva kraftverk

1. Fylkesutvalet rår til ei utbygging av Børsdalselva kraftverk. Fylkesutvalet rår til at det vert teke spesielt omsyn til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.

Eikeelva kraftverk

2. Av omsyn til kulturminne føretrekkjer fylkesutvalet alternativet aust for elva dersom ein unngår konflikt med tufter og steingardar. Det er viktig med gode tiltak for å beskytta tuftene og steingardane.
3. Ein må vurdere høgare minstevassføring av omsyn til landskap.
4. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.
5. Det er naudsynt med gode avklaringar og planar i god tid med det kommunale vassverket.
6. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor settast ut.

Tverrelva kraftverk

7. Fylkesutvalet rår til utbygging av Tverrelva kraftverk.
8. Av omsyn til kulturminne ber fylkeskommunen om at jordkabel vert lagt i eller rett ved veg slik at ein unngår dyrka mark som har eit visst potensial for funn.
9. Av omsyn til kulturminne rår ein til Hauglandsalternativet.
10. Ein må vurdere høgare minstevassføring av omsyn til bekkjekløfta.

Valedalen kraftverk

11. Det er naudsynt å auka minstevassføringa av omsyn til fisk.
12. Fylkesutvalet rår til ei utbygging med alternativ 1 for kraftstasjonsplassering for Valedalen kraftverk.
13. Det er viktig at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
14. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor settast ut.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 25. juni 2013

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Widund Blatzen



Arkivsak 201208768-29
Arkivnr. 344
Saksh. Stina Ellevseth Oseland, Lars Øyvind Birkenes

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	20.06.2013
Kultur- og ressursutvalet	11.06.2013

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGA 13 SMÅKRAFTVERK I KVINNHERAD, JONDAL OG ULLENSVANG - FRÅSEGN OM SAKENE I KVINNHERAD

SAMANDRAG

NVE har med frist 15.7.2013 sendt på høyring søknad om bygging av 13 små kraftverk på Folgefonnhalvøya. Hordaland fylkeskommune har søkt om, men ikkje fått utsett høyringsfrist.

I dette saksframlegget vert fem kraftverk i Kvinnherad presentert og vurdert. Samla sett er det størst konfliktpotensial for tema sårbart høg fjell, biologisk mangfald og friluftsliv. Av dei fem kraftverka presentert i denne saka er det eit, Børsdalselva, fylkesrådmannen rår frå grunna omsyn til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.

Eit av kraftverka, Auno minikraftverk, har installert effekt under 1 MW og fell difor inn under kraftverka fylkeskommunen har heimel til å gje løyve til. Fylkeskommunen er difor ikkje høyringspart, men kjem med faglege innspel på dette tidspunkt. Det er difor ingen vedtak knytt til denne saka, men ein presentasjon av ho med faglege innspel for å visa breidda og mengda saker som vil få innverknad på området og som vert handsama i denne omgangen.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Børsdalselva kraftverk

1. Fylkesutvalet rår frå utbygging av Børsdalselva kraftverk av omsyn til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv.

Eikeelva kraftverk

2. Av omsyn til kulturminne føretrekk Fylkesutvalet alternativet aust for elva dersom ein unngår konflikt med tufter og steingardar. Det er viktig med gode tiltak for å beskytta tuftene og steingardane.
3. Ein må vurdere høgare minstevassføring av omsyn til landskap.

4. Det må påleggast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.
5. Det er naudsynt med gode avklaringar og planar i god tid med det kommunale vassverket.
6. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor settast ut.

Tverrelva kraftverk


7. Fylkesrådmannen rår til utbygging av Tverrelva kraftverk
8. Av omsyn til kulturminne ber fylkeskommunen om at jordkabel vert lagt i eller rett ved veg slik at ein unngår dyrka mark som har eit visst potensial for funn.
9. Av omsyn til kulturminne rår ein til Hauglandsalternativet.
10. Ein må vurdere høgare minstevassføring av omsyn til bekkekløfta.

Valedalen kraftverk

11. Det er naudsynt å auka minstevassføringa av omsyn til fisk.
12. Fylkesutvalet rår til ei utbygging med alternativ 2 for kraftstasjonsplassering av omsyn til biologisk mangfald og friluftsliv.
13. Det er viktig at ein søkjer å unngå inngrep i skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
14. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossefall og rugekassar må difor settast ut.

Øvrig

15. Fylkesutvalet reagerer på den korte tidsfrista i denne saka. Ein må kunne rekna med lenger handsamingstid for 13 kraftverk enn for eit. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein god samarbeidspart for NVE i energisaker. Vi vil levera fråsegner som har eit godt fagleg grunnlag. Hordaland fylkeskommune utøver mynde i medhald av fleire føresegner, lovverk og regionale planar, og som kulturminnemynde må vi ha tid til synfaring i feltet. Fylkeskommunen er eit politisk forvaltningsnivå. Kraftsaker har stor politisk interesse og fråsegner må til politisk handsaming i våre styrande organ, som er kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann



Bård Sandal
Regionaldirektør

Vedlegg:

Kart over Kvinnherad med kraftverk

Lenkjer til søknadane med søknadsvedlegg hos NVE:

[Aune](#)
[Børsdalselva](#)
[Eikeelva](#)
[Tverrelva](#)
[Valedalen](#)

1. Innleiing

NVE har i brev av 11.04.2013 sendt på høyring søknad om bygging av 13 små kraftverk på Folgefonnhalvøya. Frå før av er det fleire kraftverk i området. Høyringsfrist er 15.7. Hordaland fylkeskommune har søkt om, men fått avslag på utsett tid. På grunn av den korte fristen har fylkesrådmannen opphavleg lagt opp til at sakene berre vert handsama i fylkesutvalet. Kultur- og ressursutvalet bad i møte den 14. mai om at sakene vart lagde fram på ekstraordinært møte i utvalet under fylkestinget 11.-12. juni.

2. Søknadane

Det vert søkt om utbygging av fem småkraftverk i Kvinnherad. Før kvart einskild kraftverk vert presentert og vurdert går ein først gjennom viktig informasjon om Kvinnherad frå fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021. Det er her fokus på landskap og friluftsliv.

Fylkesdelplanen har ei nærare omtale av 14 delområde med stort potensial for utbygging. Kraftverka i denne saka ligg innafor Rosendal-Husnes delområde som har følgjande summerte omtale i fylkesdelplanen:

Rosendal- Husnes delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Uskedalselva har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget.

Landskap

Områda kring Mjelkhaug, Englafjell, Ulvanosa og Kvannto har sårbart høg fjell av stor verdi. Strekninga Rosendal-Uskedalen har fjordlandskap av stor verdi.

INON

Område utan tekniske inngrep vert sett på som ein verdi både i nasjonal og internasjonal samanheng, og er ein viktig del av den norske naturarva. Verktøyet INON (inngrepsfrie naturområde i Noreg) syner kva område som framleis er urørde. Området Englafjell-Mjelkhaug-Ulvanosa er klassifisert som eit INON-område av stor verdi då det er stort i omfang og samanhengande frå fjord til fjell.

INON sone 1: 3-5 km frå tyngre tekniske inngrep. INON sone 2: 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep. Villmarksprega område: > 5km frå tyngre tekniske inngrep.

Friluftsliv


Fylkesmannen i Hordaland og fylkeskommunen samarbeidde om prosjektrapporten *område for friluftsliv*, kor regionalt viktige område i Hordaland vart kartlagd og verdisatt. Store delar av Kvinnherad er der klassifisert som svært viktige og viktige. I fylkesdelplanen for små vasskraftverk er også friluftsliv eit sentralt tema, og fleire område i Kvinnherad er trekte fram.

I fylkesdelplanen for småkraftverk er Ulvanosa klassifisert som eit svært viktig friluftsområde av stor verdi. Englafjell-Mjelkhaug er eit viktig turområde av middels verdi. Mykje nytta oppfartsområde i sør er mellom andre Tveitedalen-Børsdalen, Eikedalen og Uskedalen.

Det er mange turstiar og nytta område i Kvinnherad. Visit Sunnhordland har laga ei god oversikt med kart og det same har òg Kvinnherad Turlag som begge visar mangfaldet og omfanget av friluftslivet i området.

Kraftverk	Produksjon	Utbyggingspris	Nye terrenginngrep	Konfliktområde	Vurdering
Auno	2,6 GWh	3,29 kr/kWh	600 m vassveg, 35 ny veg	Fisk, støy	

Kraftverk	Produksjon	Utbyggingspris	Nye terrenginngrep	Konfliktområde	Vurdering
Børsdalselva	17,1 GWh		Inntak, sperredam, 5 m regulering av vatn, 2600 m røyrgate i grøft, 1100 m forlenga traktorveg	Landskap, friluftsliv, biologisk mangfald	Høgt konfliktnivå. Rår frå utbygging
Alt 1		3,22 kr/kWh			
Alt 2		4,03 kr/kWh			
Eikeelva	6,5 GWh	4,3 kr/kWh	Inntaksdam, 1750 m permanent anleggsveg, røyrgetrase	Kulturminne; husmannsplassar og steingardar, landskap, friluftsliv, kommunalt vassverk	Middels konfliktnivå. Røyrgate aust for elva er å føretrakkje, høgare vassføring, avklaring og dialog med vassverket.
Tverrelva	20,43 GWh		Restaurering av eksisterande terskel, 705 m mikrotunnel, 630 m tilløypsrøyr, 620 m permanent ny veg til inntaket, 60-70 m ny veg til kraftstasjon	Bekkekløft, eldre bjørkeskog, fugl, landskap, kulturminne	Lite-Middels konfliktnivå Jordkabel bør leggst i eller like ved veg, auka minstevassføring
Hauglandsalt.		3,19 kr/kWh			Beste alternativ med omsyn til kulturminne
Kjærlandsalt.		3,26 kr/kWh			
Valedalen			1300 m vassveg, permanent ny veg langs røyrgata og opp til Valdalsdammen	Sannsynleg lokalitet for fossefall, fisk, landskap, INON, friluftsliv	Middels konfliktnivå.
Alt 1	7,6 GWh	3,82 kr/kWh			
Alt 2	5,6 GWh	3,66 kr/kWh			Føretrekt alternativ av omsyn til friluftsliv og biologisk mangfald
Overføring Sitautevatn	1,6 GWh	2,5 kr/kWh	150 m bora tunnel	Landskap, INON	



Figur 1: Dei fire øvste kraftverka, i grønt. Svarte er allereie utbygde, mens gule har vurdert konsesjonsplikt.



Figur 2: Valedalen kraftverk. Eksisterande Valen kraftverk like under.

A. Auno minikraftverk

a) Innleiing

Auno minikraftverk er planlagt utbygd i Kvinnherad kommune, i ein sidedal til Omvikdalen. Utbygger er Auno minikraftverk AS og grunneigarane Svein Hjelmeland, Olav Karsten Hjelmeland og Eivind Tvedt. I tillegg har to andre grunneigarar leigd vekk fallrettane i området.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve etter § 8 i vassressurslova i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW, utanom verna vassdrag. Med ein installert effekt på 680 kW treng ikkje utbygginga løyve etter vassdragsreguleringslova. Hordaland fylkeskommune er såleis ikkje høyringspart i denne saka, men er i høve NVE si forberedande sakshandsaming beden om å bidra med fagleg informasjon innanfor eige ansvarsområde. Etter høyringsrunden vil fylkeskommunen fatta endeleg vedtak i saka. På grunn av kraftverket si plassering fann NVE det naturleg å sende dette på høyring i samband med dei tolv andre kraftverka i same område. Difor vert dette kraftverket også politisk handsama i denne omgang, men er å rekne som ein

orientering i samband med dei andre kraftverka i saka. Det er difor ikkje laga innstilling til vedtak og heller ikkje vurdering for dette kraftverket.

b) Prosjektskildring

Kraftverket vil nytta eit fall på 100 m i Tveitelva. Inntaket er planlagt på kote 135 der det i dag er ein inntaksdam til kommunalt vassverk, og kraftstasjon på kote 35. Vassvegen på 600 m er planlagt nedgrave og skal delvis følgje eksisterande gardsveg og må krysse fv 40. Det må påreknast sprenging i øvre deler av trase. Det er behov for ca. 35 m ny veg. Middelvassføringa er 335 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 850 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,68 MW og etter planane gje ein produksjon på 2,6 GWh. Det er planlagt ei minstevassføring på 37 l/s heile året. Utbyggingsprisen er på 3,29 kr/kWh.

c) Verknadar for miljø og samfunn

Biologisk mangfald

Området er prega av jordbruksdrift og er eit typisk kulturlandskap, med gardsbruk, enkeltbustader, vegar og bruer. Det er ikkje funne raudlistearter i tilknytning til elva.

Fisk

Tveitåno er ein sidebekk til Åmvikelvo, som er hovudelva i Åmvikdalen. I Åmvikelva er det laks og sjøaure og fiskeundersøkingar tyder på at Tveitåno kan vera gyte- og oppvekstområde for sjøaure. Det er noko tvil om auren er sjøaure, og kor langt oppover i elva han kan gå. Den biologiske rapporten konkluderar med at ut i frå dei fiskeregistreringane som er gjort, må Tveitåno vurderast som eit anadromt vassdrag, kanskje så langt opp som til inntaksdammen.

I små elvar er auren meir var for reduksjon i vassføring enn i større vassdrag. Redusert vassareal vil òg gje reduserte produksjonsområde for yngel og småfisk.

Rapporten om biologisk mangfald føreslår at ein av omsyn til fisken fordeler vassleppet slik at meir av vatnet vert slept om sommaren frå ca. 1. juni til gytinga er over ca. 1. november. Det er naudsynt med stor vassføring om sommaren og i gytetida.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil ikkje stilla krav om arkeologisk undersøking i samband med inntak, røyrгатetrasé, vegtilkomst og stasjonsbygning for Auno minikraftverk. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne på nord- og austsida av Tveitelva er forholdsvis lite sjølv om det er gjort funn i nærleiken, på sørsida av Tveitelva. Det har lege to gravhaugar nær tunet på bnr. 1, sør for Tveitelva, og det er kjent opplysingar om ei samling med minst fem gravhaugar på bnr. 3 og 7 i sørvesthellinga ned mot Storelva. Det er i området langs vegen, mellom Tveitelva og Botnelva det gamle klyngetunet låg, så ut frå den landskapsmessige plasseringa av gravhaugane, så har nok busetnaden i jernalder også lege i dette området.

Når det gjeld trasé for jordkabel skal tiltakshavar ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga når kabeltraséen frå røyrгата sitt kryssingspunkt ved Tveitelva og fram til tilkoplingspunkt er avklara og kartfest, slik at fylkeskommunen kan gje ei kulturminnefagleg vurdering av plasseringa av denne.

Elles ber ein om at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltak skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Landskap

Elva ligg i Omvikdalen, ein brei u-dal med store moreneavsetningar som gjer eit godt grunnlag for jordbruk. Elvelaupet er prega av lausmassar i form av stein, langs heile laupet er det kantvegetasjon, men nokon stader er det steinurar som dominerar.

Samfunnsinteresser

Elva har vore nytta til offentleg vassforsyning, men denne skal flyttast til nabobygda før kraftutbygging. Vatnet skal då fungera som reservevasskjelde. Det er naudsynt at ein har gode avtalar og avklaringar med kommunen kring høva mellom reservevassforsyning og kraftproduksjonen.

Aukar verdien på gardsbruka. Elvestrekninga er ikkje nytta til friluftsliv. Ovanfor inntaket går det ein veg opp til fjellet som vert nytta til frilufsaktivitetar. Då ein vil nytta eksisterande dam til inntak vil det ikkje komma merkbare endringar som følgje av tiltaket.

Turbinen vil gje noko støy under drift, men ifølgje søknaden vil mykje av lyden gå gjennom avlaupskanalen. Ein må finna gode tiltak for å minimera støyen for dei to bustadane som ligg nær stasjonsområdet.

B. Børsdalselva kraftverk

a) Innleiing

Børsdalselva Kraftverk AS søker om å bygga Børsdalselva kraftstasjon; å regulera Fagerdalsvatnet; og å overføra vatn frå Kvanngrødtjørn til Fagerdalsvatnet. Selskapet er heileigd av SKL Produksjon AS, og har inngått ein samarbeidsavtale med dei aktuelle grunneigarane.

b) Prosjektområdet

Børsdalen er ein sidedal av Uskedalen. Området inngår i dei såkalla Rosendalsfjella, med fleire høge markerte fjellmassiv. Sidedalen er eit smalt dalføre med høge, steile fjellveggar. Området er dominert av artsfattig vegetasjon.

c) Prosjektskildring

Børsdalselva kraftverk er tenkt plassert i Børsdalen på kote 190. Kraftverket vil nytta eit fall på 380 m i Børsdalselva. Inntak ved utløpet av Fagerdalsvatnet med røyrgate gjennom Børsdalen og to alternativ for plassering av kraftstasjon, eit på kote 190 og eit alternativ på kote 150. Det er også planlagt å setja opp ein sperredam i nordvestre enden av Kvanngrødtjørn og ein open kanal ut frå dette vatnet slik at vatnet herfrå renn ned i eit eksisterande elveleie og ut i Fagerdalsvatnet.

Utbygginga er planlagt med ei regulering på 5 m i Fagerdalsvatnet, 4 m heving og 1 m senking. Røyrgata blir nedgraven i ei 2600 m lang grøft, mellom inntaket og kraftstasjonen, som til ein stor del vil gå i fjell eller storsteina ur. Bygginga av røyrgata vil bli realisert med taubanedrift og inntaket skal vera veglaust. Eksisterande traktorveg til eksisterande sandtak er tenkt permanent utbetra og forlenga med 1100 m fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 690 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1400 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,6 MW, med ein estimert årsproduksjon på 17,1 GWh. Utbygginga vil føra til redusert vassføring på ei 2,5 km lang elvestrekning i Børsdalselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 100 l/s sommarsesongen og 30 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er på 3,22 kr/kWh for alternativ 1 og 4,03 kr/kWh for alternativ 2.

Det er planlagd jordkabel frå kraftstasjonen og fram til punkt for nytt 22kV luftspenn over Uskedalselva med påkopling eksisterande 22kV luftspenn. Jordkabel er planlagd graven ned i eksisterande traktorveg.

d) Verknader for natur og samfunn

Biologisk mangfald

Under synfaringa til den biologiske rapporten fann ein to raudlista moseartar, vassshalemose (VU) og flommose (VU) og ein sjeldan mose, bladknoppnikke. Begge dei raudlista artane veks i flomsona ved rennande vatn og er, i følgje artsatabanken, truga av forskjellige tiltak som påverkar vasstandsforhold og vasskvalitet. Det er fuktkevjangande artar, som er avhengige av overspyling. Lokaliteten får middels verdi for flora.

Tett opptil tiltaksområdet er det registrert viktige funksjonsområder for ein fugleart som er sensitiv for forstyrning. Dette er unntatt offentlegheita. Elles er det vanlege artar i området, hjort, fjellrype i fjellområda og hare, raudrev, mår og røyskatt. Områda for denne fuglearten har viltvekt 4 som gjer området stor verdi for tema fauna.

Fisk

Uskedalselva er eit anadromt vassdrag med ein stadeigen sjøaurestamme. I tillegg gyt det laks, men laksen er i dag i hovudsak oppdrettslaks og feilvandrande villaks. Nedre del, om lag ein km opp, av Børsdalselva inngår i anadrom strekning, opp til kote 120. Vassdraget får **middels verdi**.

Tema	Verdi	Alternativ	Omfang	Konsekvens
Naturtyper og vegetasjon	Liten	1	Intet-lite negativt	Ubetydelig
		2	Intet-lite negativt	Ubetydelig
Flora	Middels	1	Stort/Middels-stort negativt	Stor/middels negativ
		2	Middels negativt	Middels negativ
Fauna	Stor	1	Middels-stort negativt	Stor negativ
		2	Middels-stort negativt	Stor negativ
Rødlistearter	Middels	1	Stort/middels negativt	Stor/middels negativ
		2	Middels negativt	Middels negativ
Fisk	Middels	1	Intet-lite negativt *	Ubetydelig konsekvens *
		2	Intet-lite negativt *	Ubetydelig konsekvens *
INON	Stor	1	Middels-stort negativt	Stor negativ
		2	Middels-stort negativt	Stor negativ
SAMLET ALTERNATIV 1			Stort/Middels-stort negativt	Stor (-middels) negativ
SAMLET ALTERNATIV 2			Middels-stort negativt	Stor-middels negativ

* forutsatt at det etableres forbislippsventil på kraftstasjonen

Figur 3 Samla oversikt over verdi, omfang og konsekvens (frå biologisk rapport). Alternativ 1: kraftstasjon kote 190; alternativ: kraftstasjon kote 150.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vore i kontakt med SKL Produksjon AS i prosessen og fått klarlagt fleire spørsmål med omsyn til kulturminne. Ein var klar over at Fagerdalen har vore støl for Nedre Døssland, gnr. 129. Det er påvist to tufter mellom Fagerdalsvatnet og Vestredalsvatnet. Stølsdrifta tok slutt kring 1860. I utgangspunktet såg ein det som naturleg at stølsvegen gjekk opp gjennom Børsdalen men dette vert tilbakevist i boka «Stølar og setrar i Kvinnherad» frå 2011. Der heiter det at stølsvegen gjekk framom Låga Nåso og vidare over Galtastigen og ned til stølen i Fagerdalen. Det kan tenkjast at Børsdalen har vore utsett for rasfare og at ein difor ikkje nytta denne som stølsveg.


Landskap

Børsdalselva er delvis gøymt av storsteina ur, etter kvart følgjer ho dalbotnen, dels gjennom morenelag, dels gjennom ur. Ifølgje søknaden er det få karakteristiske fossar eller stryk på strekninga ned mot kraftstasjonsområdet. Turlaget (pers. komm.) hevdar derimot at det er to mindre fossar som tidvis er store og flotte som er godt synlege.

Influensområdet ligg i eit stort, samanhengande område av sårbart høgfjell av stor verdi.

INON

Verktøyet INON (inngrepsfrie naturområde i Noreg) syner kva område som framleis er urørde. På kartet under ser ein at området ein ønskjer å nytta til kraftverket er i eit stort, samanhengande INON-område, både av sone 1 og 2. Vert kraftverket bygga vil ein få eit stort bortfall av sone 1: 5,2 km² og ein stor reduksjon i sone 2: 5,75 km². Alternativ 2 vil gje likt bortfall av INON, men tap av sone 2 vil vera på 5,6 km².



Figur 4: Oversikt over INON bortfall av INON (frå biologisk rapport)

Friluftsliv

Børsdalen er ein del av det viktige turområdet Englafjell-Mjelkhaug. Også frå Ulvanosa har ein god utsikt utover Børsdalen. Ifølgje søknaden er det mange framlegg til turløyper, men ingen innover Børsdalen. Bergen og Omland turlag (pers. komm.) fortel at det frå desse fjella er god utsikt over Børsdalen og at det utgjer eit viktig, urørd landskapselement.

e) Vurdering

Biologisk mangfald

R5 Biologisk mangfald:

1. Ein skal *vise varsemd* med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er "kritisk truga" (CR), "sterkt truga (EN)" eller "sårbar (VU)" på den norske raudlista.

Det er funne to sårbare (VU) moseartar i influensområdet som vil bli påverka av inngrepet, og retningslinene for små vasskraftverk er tydelege på at ein skal vise varsemd med å gje løyve til prosjekt som kan føre til skade på slike artar. Dei er begge fuktkevjande artar. Det er stor fare for at tiltaket vil gjere skade på artane, og her gjeld difor føre-var-prinsippet i Naturmangfaldlova, §9.

I tillegg er det naudsynt å ta omsyn til den sensitive fuglen og leveområda.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil ikkje stilla krav om arkeologisk undersøking i samband med Børsdalselva kraftverk. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne er lite, men ein vil be

tiltakshavar om å ta omsyn til stølsmurane i Fagerdalen i den vidare planlegginga og at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Landskap

R4 Sårbart høgfjell:

1. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere *restriktiv* med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.

Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.

Store delar av tiltaksområdet ligg innfor eit område av sårbart høgfjell av stor verdi. At utbygginga skal skje veglaust ved bruk av taubane tel positivt. Det er likevel store og mange tekniske inngrep som skal gjennomførast, med både overføring av vatn, uttak av vatn og rørgater.

INON

Tiltaket vil føre til ein sterk reduksjon av eit stort INON-område av stor verdi då det er samanhengande frå fjord til fjell. Dette vil redusere opplevingskvalitetane for området då dei ikkje lenger vil opplevast som urørde.

Friluftsliv

Englafjell-Mjelkhaug og Ulvanosa er viktige turområde, og både frå Ulvanosa og Englafjell har ein god utsikt over størstedelen av Børsdalen.

R7 Friluftsliv

1. Ein bør *visse varsemd* ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

C. Eikeelva kraftverk

a) Innleiing

Eikekraft Kraft SUS ønskjer å nytta fallet i Eikeelva i Kvinnherad kommune og søker om å bygga Eikeelva kraftstasjon og ombygging og drift av Eikeelva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer. Selskapet leiger fallrettane av grunneigarane. Konsulent for tiltakshavar er ClemensElvekraft AS.

b) Prosjektområdet

Eikeelva har sitt opphav frå dreneringsårer frå fjella rundt og eit mindre vatn, Geitavatnet. Dei høgareliggande fjella er prega av snaufjell, mens dei lågare i hovudsak er skog, kulturlandskap og noko myr. Eikedalen startar ved kote 250 kor terrenget flatar ut, og eit tydeleg fall startar ved kote 230. Det er her inntaket skal plasserast. Elva går her i morenemassar, frå grov stein til blokkar. Elva renn i stryk og har fleire kulpar og mindre fossar. I nedre del går elva i ei markert kløft kor det òg er parti med fjell. Elva munnar ut ved Storsundet og vidare ut i Kvinnheradfjorden.

Dei nedre delane av Eikeelva ligg i eit område som er prega av tekniske inngrep, mellom anna Uskedalen Vassverk, i tillegg til fleire bustadhus og ein kommunal veg. Eit par hundre meter ovanfor vassverket går det ein merka tursti på vestsida av elva. Dette er ein av dei mest nytta inngangane til det populære turområdet Englafjell-Mjelkhaug.

c) Prosjektskildring

Eikeelva har utløp rett vest for utløpet til Uskedalselva. Kraftverket vil nytta eit fall i Eikeelva på 228 m frå inntaket på 233 moh ned til kraftstasjonen på 5 moh. Kraftstasjonen er planlagt på austsida av elva. Det er presentert to alternativ for røyrгатetrase: Det eine alternativet til trasé for røyrgate er lagt til vestsida av Eikeelva og det andre på austsida. Ut frå søknaden er det traséalternativet aust for Eikeelva som vil bli prioritert. Tilkømt vil bli i røyrгатetrase frå kraftstasjon til inntak. Det er også to alternativ for inntaksdam, ein på kote 230 og ein på kote 220. Nettilkopling skal skje gjennom jordkabel frå kraftstasjon og opp til eksisterande 22kV-linje 150 meter sør for kraftstasjonen. Det er ikkje behov for permanent veg til kraftstasjon da den ligg rett ved riksveg 48. Ein vil bygga ein 1750 meter lang permanent anleggsveg langs røyrгата frå kraftstasjon til inntaket.

Middelvassføringa er 560 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1230 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,3 MW, med ein estimert årsproduksjon på 6,5 GWh, kor 3,6 GWh på vinteren og 2,9 GWh sommar. Utbygginga vil føra til redusert vassføring på ei 1640 m elvestrekning i Eikeelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 32 l/s sommarsesongen og 18 l/s resten av året. Frå vassstrengen vert det framleis tatt ut 10-12 l/s til lokalt vassverk. Utbyggingsprisen er på 4,3 kr/kWh.

d) Verknad for natur og samfunn

Biologisk mangfald

Det er ikkje påvist raudlisteartar eller sjeldne eller truga artar eller naturtypar i området, og potensialet for funn av raudlisteartar er vurdert som lite til middels. Det meste av influensområdet er dominert av planteskog av gran. Det finst eit mindre felt med lerkeskog. Ved Plasset er det eit område dominert av svartor som kan førast til gråor-heggeskog, men denne skogen er langt på veg gjengrodd.

Dei nedste 110-120 meter av elva er tilgjengeleg for anadrom fisk, men det er ikkje kjend at det finst sjøaure eller laks på dette strekket. Elva vert vurdert til lite eigna for ål.

Det er registrert eit leveområde for hjort, og elva er sannsynlegvis leveområde for fossefall, som er registrert. Ut frå dei registrerte naturverdiane vurderer den biologiske rapporten området til liten verdi for tema biologisk mangfald.

Kulturminne

Arkeolog frå Hordaland fylkeskommune var på synfaring 02.12.2009 langs dei to alternative røyrгатetraseane. Det ligg tufter etter to husmannsplassar på austsida av elva, Træstøl og Plasset, samt steingardar.

Landskap

I søknaden står det at tiltaket vil verta synleg i landskapet, men vil ikkje nødvendigvis endra totalinntrykket då det allereie er fleire tekniske inngrep i området, som ein traktorveg og kraftliner. Frå Uskedalen vassverk og opp til inntaket vil tiltaket verta synleg i form av redusert vassføring. Dersom røyrгата vert lagt på vestsida vil den verta synleg for turgåarar på delar av strekket. Dersom ein veljar austleg trasé vil øvre del vera synleg. Det vert bygd ein anleggsveg frå stasjonen og opp til inntaket, som skal leggjast i røyrtraseen.

I Fylkesdelplanen har lågareliggende område langs Kvinnheradsfjorden stor verdi i kategorien fjordlandskap. Tiltakshavar meiner dette tiltaket ikkje vil skjemma området då det allereie er tekniske inngrep.

INON

Tiltaket får små konsekvensar med minimale INON-tap for det samanhengane INON-området Englafjell-Mjelkhaug-Ulvanosa som i fylkesdelplanen er kategorisert til stor verdi.

Samfunn og brukarinteresser

Anleggsvegen vil i følge søknaden gjera skogsdrifta enklare. Det er planta gran på 50 og 60 talet i store delar av området og denne skogen vil bli hogstmoden de nærmaste åra. Ein skal sannsynlegvis bygga ein skogsbilveg for uthenting av tømmer uavhengig av kraftutbygginga.

I kommunens arealplan ligg tiltaksområdet i eit LNF-område og delar av området er bandlagt. Dette er fordi det ligg i nedslagsfeltet til vassverket.

Friluftsliv

Eikeelva ligg i området Englafjell-Mjelkhaug, eit viktig friluftsområde vurdert til middels verdi i fylkesdelplanen for små vasskraftverk. I søknaden argumenterer ein for at anleggsvegen som skal byggast langs røyrkata vil gje personar med nedsett funksjonsevne tilgang til naturområda i Eikedalen.

Kommunalt vassverk

Uskedalen Vassverk ligg på kote 100, ca 10 meter frå elvebredda. Vassverket anslår at dei tar ut ca 10-12 l/s. I anleggsfasen vil det vera noko slam i vatnet. Det må då gjennomførast tiltak for å sikra at vassverket har tilgang på vatn av tilfredsstillande kvalitet. Tiltakshavar vil drøfta løysingar med vassverket. I driftsfasa vil ikkje vasskvaliteten verta påverka. Verdien av tema er satt til **stor**, mens konsekvensen av tiltaket er satt til **liten** dersom vassverket og utbyggjar samarbeider om ei god løysing.

e) Vurdering

Biologisk mangfald

Det er naudsynt å ta omsyn til lerkeskogen og gråor-heggeskogen, sjølv om sistnemnde er delvis gjengrodd.

R5 Biologisk mangfald

2. For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av egne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.

Det er truleg fossefall i elva og retningslinene slår då fast at avbøtande tiltak må gjennomførast for å sikra desse hekkeplassane.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har tidlegare spelt inn at alternativet aust for elva er å føretrekkja dersom ein unngår konflikt med tufter og steingardar.

Hordaland fylkeskommune kjem ikkje til å stilla krav om arkeologisk undersøking i samband med Eikeelva småkraftverk. Det er lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne og det er heller ikkje kjent slike frå før i området. Tiltakshavar har i søknaden vist til fylkeskommunen sine innspel og stadfester at desse vert tekne til fylgje. Ein vil òg be tiltakshavar om å ta omsyn til kulturlandskapet i den vidare planlegginga og at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle andre kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Landskap

R3 Fjordlandskap

2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere *restriktiv* med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgeler mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Nedste del av tiltaksområdet ligg innfor eit område klassifisert som fjordlandskap av stor verdi. Av omsyn til landskapet bør det vurderast høgare minstevassføring. Det er også viktig å redusera omfanget av inngrepa for å minimera terrenginngrepa.

Samfunn og brukarinteresser

Kraftstasjonen er planlagt like ved riksveg 48. Det er mykje støy frå anleggsarbeid og drift av kraftstasjon. Det er difor viktig å finne gode tiltak for å minimere støyen.

Omsyna til vassverket må ha høg prioritering og det er naudsynt med god dialog og gode planar og tiltak for gjennomføringa av anleggsarbeid og i driftsfasen.

Det er naudsynt med gode avklaringar med kommunen kva gjeld bandlegging på areal og vassverket.

D. Tverrelva kraftverk

a) Innleiing

Tverrelva Kraftverk AS ønskjer å nytta deler av fallet i Tverrelva i Uskedalen, Kvinnherad kommune, til kraftproduksjon. Selskapet er heileigd av SKL Produksjon AS, og har inngått ein samarbeidsavtale med dei aktuelle grunneigarane. Det vert søkt om løyve til å bygga og drifta Tverrelva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer; og å regulera Mannsvatnet.

b) Prosjektområdet

Uskedalen er ein typisk U-dal med flat dalbotn og bratte lier, og har mjuke overgangar mellom botn og sidene. Dalbotnen er prega av spreidde gardar i eit ope kulturlandskap med dyrka mark, innmarksbeite og skogklynger. Sidene er skogkledde, dominert av lauvskog, men også med relativt store areal kulturbarskog. Det går fleire skogsveggar opp dalsida på begge sider av elva. Over tregrensa endrar landskapet seg betrakteleg. Ved Mannsvatnet har landskapet nærast eit alpint preg. Fjella nord for vatnet strekk seg opp mot 900 moh.



c) Prosjektskildring

Kraftverket vil nytte eit fall i Tverrelva på 510 m frå inntaket på 540 moh ned til kraftstasjonen. Ein gamal terskel i Mannsvatnet frå 1970 blir rehabilitert med høve til 1 m regulering for kraftutnytting. Vassvegen blir bygd som bora mikrotunnel dei fyrste 705 m. Frå påhogget vil eit 630 m tilløpsrøyr bli nedgrave til kraftstasjonen som vil ligga 30 moh. Det vil bli bygd ein 620 m lang permanent veg frå enden av ein skogsveg og fram til inntaket i Tverrelva. Permanent ny veg til kraftstasjonen blir på om lag 60-70 m frå fylkesvegen. Røyrkata med tunnel har hovudalternativ på sørsida av elva, med alternativ plassering på nordsida. Middelvassføringa for heile feltet er på 580 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1180 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,95 MW

med ein estimert årsproduksjon på 20,43 GWh, kor vinterproduksjon står for 10,65 GWh, medan det på somaren vil produserast 9,78 GWh. Utbygginga vil føra til redusert vassføring på 1290 m lang elvestrekning i Tverrelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 42 l/s sommarsesongen og 25 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er på 3,19 kr/kWh for Hauglandsalternativet og 3,26 kr/kWh for Kjærlandsalternativet.

To alternativ vert presentert med to forskjellige plasseringar av inntak og kraftstasjon, og utbyggar prioriterar alternativet kalt Hauglandsalternativet mot det andre, Kjærlandsalternativet.

Regulering av Mannsvatnet

I utlaupet av Mannsvatnet er det ein dam som i perioden 1944-tidleg 1970-tal var i bruk til regulering av vatnet i samband med drift av eit kraftverk på Kjærland. Dammen er i dag delvis intakt, då eit overlaup er sprengt noko ned, og dammen er i generell dårleg forfatning. Ifølgje søknaden er det naudsynt med ei større rehabilitering av dammen, noko ein vil gjera i samband med utbygginga. Søknaden om regulering inneber ei heving av Mannsvatnet med ein meter, det vil seie til det nivået det låg på då den gamle dammen var i drift. Reguleringa vil dels nyttast til flaumdemping, dels til minstevassføring og produksjon i turre periodar. Ifølgje søknaden vil reguleringa gje ein meirproduksjon på om lag 3,3 GWh.

I søknaden argumenterer ein for at reguleringa vil ha positive verknader også for brukarar av området. Ved at vasstanden vert heva med om lag ein meter vert det lettare å nytta båt på vatnet, og strandsona vert meir tilgjengeleg. Ein ser også for seg å laga gangveg oppå dammen då dette er eit mykje nytta turområde.

d) Verknad for natur og samfunn

Biologisk mangfald

Det er to funn av naturtyper innafor kategori «andre viktige forekomster». Den første er ei bekkekløft, like ovanfor inntak og den andre er ein eldre bjørkeskog på austida av elva, heilt øvst i lia. Bekkekløfta er liten, og ingen sjeldne artar vart registrert. Den tidlegare raudlista hinnebrege vart funnen i bekkekløftene. Det er potensial for funn av sjeldne artar. Naturtypen vert klassifisert til middels verdi.

Den eldre bjørkeskogen er ikkje homogen og alderen på trea varierer mykje. Liten/middels verdi. Strandsnipe (raudlisteart NT) hekkar kanskje ved Mannsvatnet. Heilo hekkar ved myrer i området. Store delar av influensområdet er leveområde for hjort. Samla sett får arts mangfaldet av vilt i området liten/middels verdi.

Fisk

Tverrelva skal ikkje vera viktig for anadrom fisk, men er noko nytta av stasjonær aure. I Mannsvatnet er det ein overbefolka stamme aure. Dei viktigaste gyteområda for denne stammen er i tillaupsbekken til vatnet i aust og i utlaupselva. Det øvste strekket av Tverrelva frå Mannsvatnet til elva renn utfor i Uskedalen vert vurdert å vera ein godt egna stad for gyte- og oppvekst for aure.

Kultur

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området for utbygginga, men på Haugland, mellom vegen og Uskedalselva ligg det tre store gravhaugar. Jordkabel og linjepåkopling vert om lag 200 meter vest for desse. Det er ikkje kjent andre kulturminne frå nyare tid innanfor influensområdet til dei to alternativa, om ein ser bort frå det eldre kraftverket og restane av rørgata til dette. Det er kjent ei rekkje stølstufter, truleg vårstølar, og steingardar m.m. søraust for området ved inntaksdam. Næraste er Kleppastøl som ligg ca. 500 meter sør for dammen i Mannsvatnet og om lag like langt søraust for inntaksdam for alternativ 1.

Landskap

Elva deler seg i fleire løp om lag på kote 450 og betydinga av kvar einskild bekk vert såleis redusert som tydelege landskapselement. Elva er best synleg øvst, før ho deler seg, men er ifølgje søknaden også her berre godt synleg ved dei største vassføringane. Tiltaksområdet ligg ikkje innafor definerte viktige område. Dei tydelege vegane oppover lia utgjer eit viktig landskapselement og er så framtrèdande at elva vert mindre synleg.

INON

Utbygginga vil føra til at det store inngrepsfrie området ved Mannsvatnet vert redusert med 2,5 km². Ifølgje den biologiske rapporten tar ikkje dette området høgde for dammen ved Mannsvatnet frå 1944, og burde vore redusert.

Friluftsliv

Området er nytta til jakt, og det vert fiska i Mannsvatnet. Vatnet og området rundt er eit av dei mest attraktive turområda i Uskedalen. Ifølgje søknaden vil tiltaket auka tilgjenget i form av betre vegar. Opprusting av dammen ved Mannsvatnet vil betra inntrykket då den i dag er i forfall.

e) Vurdering

I vurderinga legg ein dei fylkespolitiske retningslinene for små vasskraftverk til grunn for vurderinga for tema der dei er relevante. Det er elles faglege vurderingar ut frå kunnskapsgrunnlag.

Biologisk mangfald

Feltarbeid til den biologiske rapporten vart gjort i november, som ikkje er ein optimal månad for å kartlegga biologisk mangfald. Fuglar vil stort sett ha dratt frå området, pattedyr er i rapporten basert på funn av spor; og når det gjeld flora og vegetasjon går ein glipp av våraspektet kor ein får kartlagd tidleg-blomstrande artar. I tillegg vil ein del plantar ha visna i november. I tillegg var det kome flekker med snø ovanfor inntakspunktet. Ifølgje rapporten er mosar og lav stort sett identifiserbare i november.

Det er ein klar svakhet ved den biologiske rapporten at den er basert på eit seint feltarbeid, og ein kan stilla spørsmålsteikn ved kunnskapsgrunnlaget. I rapporten vert det hevda at kunnskapsgrunnlaget er godt nok.

R5 Biologisk mangfald:

3. Ein skal *visse varsemnd* med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er "kritisk truga" (CR), "sterkt truga (EN)" eller "sårbar (VU)" på den norske raudlista.

Det står i den biologiske rapporten at det er mogleg at raudlista strandsnipe (NT) hekkar i området. Det er naudsynt å vise varsemnd for fuglen, og å få kartlagd om den hekkar i influensområdet.

For bekkekløfta med potensial for funn av raudlisteartar er det naudsynt å vurdere høgare minstevassføring.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune ser alternativ 1 som det minst konfliktfylte i høve til kulturminneverdiar. Det står fem kvernhustufter i Tverrelva. Desse ligg mellom ca. 170 og 60 meter frå vegen. Alternativ 1 vil ikkje få innverknad på desse om ein ser bort frå mindre vassføring.

Hordaland fylkeskommune vil ikkje stilla krav om arkeologisk undersøking i samband med Tverrelva kraftverk. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne er lite, men vi vil likevel be om at jordkabel vert lagt i eller rett ved veg slik at ein unngår dyrka mark som har eit visst potensial for funn. Tiltakshavar har i søknaden skrive at det skal takast omsyn til kvernhustuftene dersom alternativ 2 er aktuelt. Ein vil òg be tiltakshavar om å ta omsyn til kulturlandskapet i den vidare planlegginga og unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Landskap

Elva er best synleg øvst i fallet, like etter delar ho seg i fleire mindre bekkar og utgjer eit mindre tydeleg landskapselement. Dette spesielt på grunn av dei to tydelege vegane som går i sikk sakk oppover lia på kvar side av elva. Inngrepet vil difor ikkje ha store konsekvensar for landskapet utanom for periodar med stor vassføring. Det er likevel fare for at ein røytrase vil verta godt synleg i den skogkledde lia. Det er difor naudsynt å søkja å unngå meir hogst enn naudsynt og ei god revegetering.

Samfunn

Kraftverket vil produsera 20,43 GWh, kor litt over halvparten vil vera vinterproduksjon. Dette er produksjon på det tidspunktet energien trengst mest, og er såleis eit godt prosjekt.

Friluftsliv

Området er mykje nytta til friluftsliv, og det er naudsynt at ein tek omsyn til dette i anleggsarbeid. Det er positivt at ein vil rusta opp dammen ved Mannsvatnet som vil betra inntrykket. Det er naudsynt å halda seg så nært opphavleg utforming av dam som mogleg.

E. Valedalen kraftverk

a) Innleiing

Valen kraftverk søkjer i to søknadar om å bygga Valedalen kraftverk og om overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn. Kvinnherad Energi søkjer på vegne av Valen kraftverk AS, som er 100 % eigd av Hordaland fylkeskommune. Selskapet ser på utbygginga som eit opprustings- og utviingsprosjekt.

b) Prosjektområdet

Valedalsdammen ligg nordaust for Valen i Kvinnherad kommune. Vassdraget renn ut like aust for busettinga i Valen. Elva renn i eit relativt slakt terreng, med unnatak av det noko brattare området like nedafor Valedalsvatnet. Landskapet i området har avrunda former, og elva er lite synleg i det vie landskapsrommet. Nærare elva er den derimot eit viktig landskapselement. Det finst enkelte fossar, men elva er ganske lita, slik at ingen av dei gjer store inntrykk.

c) Prosjekskildring

Valen Kraftverk vil nytta fallet i Valedalselva mellom eksisterande reguleringsmagasin i Valedalsvatnet på kote 477 og kraftstasjon på kote 330, oppstrøms Elvedammen. Elvedammen er inntaket til eksisterande Valen kraftverk. Kraftverket vil nytta ei brutto fallhøgde på 147 m. Vassvegen på ca. 1300 meter er planlagt delvis på fundamenter og delvis nedgrave i grøft. Langs røyrkata er det planlagt permanent veg med forlenging opp til Valedalsdammen. Denne er tenkt nytta til framtidig vedlikehald og drift. Jordkabel er planlagt graven ned i eksisterande veg mot Svartatjørn og vidare til planlagd tilkoplingspunkt 22kV.


Plassering av kraftstasjon har to alternativ. Eit alternativ har kraftstasjon rett nord for Stemmelandsdammen på kote 330 og eit har stasjon på kote 370. Alternativet ved Stemmelandsdammen vert føretrekt av søkjar Valen kraftverk AS. Begge alternativa har inntak i eksisterande hovuddam i Valedalsdammen. Røyrkata er planlagt lik for begge alternativa ned til kote 370, medan røyrkata for hovudalternativet vil fortsetja frå kote 370 på nordvestre sida av Valedalselva ned til stasjonsbygning. Kostnaden ved utbygging av alternativ 1 er 3,82 kr/kWh, og 3,66 kr/kWh for alternativ 2. Utbyggingsprisen for overføringa av Sitautevatn er 2,5 kr/kWh.

I ein eigen søknad er Sitautevatn, med inntak på kote 852, planlagt overført til Småstølsvatnet, kor vatnet følgjar naturleg løp til Valedalsvatnet. Småstølsvatnet har utløp på kote 847,5. Overføringa er tenkt utført i bora tunnel på 150 m. Bygginga av overføringa skal skje veglaust.

Middelvassføringa er 830 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1300 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,6MW og etter planane gje ein produksjon på 7,4 GWh for alternativ 1, og 5,6 for alternativ 2. Overføring av Sitautevatn vil gje ei ekstra produksjon på 1,6 GWh. Det er planlagt ei minstevassføring på 23 l/s heile året.

d) Eksisterande inngrep

I tilknytning til Valen kraftverk er det etablert to reguleringsmagasin og ei overføring. Øvst i vassdraget ligg Vesledalsvatn som er regulert 9,5 meter, men med eit lite magasinivolum. Hovudmagasinet er Valedalsvatn med ei reguleringshøgde på om lag 11,5 meter, og regulert volum 3,5 Mm³. Tapping skjer med ei fjernstyrt bunntappeluke.



Figur 5: Oversiktskart med eksisterande og planlagde inngrep.

e) Verknad for natur og samfunn

Biologisk mangfald

Elvestrekket nedstrøms Valedalsvatnet vil få vesentleg redusert vassføring i periodar når kraftverket går, og det ikkje er overlaup over Valedalsdammen, med konsekvensar for vasskrevjande organismar.

Ifølgje biologisk rapport vart det ikkje registrert raudlisteartar i influensområdet. Det er nokre fuktikrevjande mose- og lavartar langs elvestrekket.

Området ovanfor Valen er peika ut som eit viktig viltområde for storfugl. Området er avgrensa i DN sin naturbase, og då kjem influensområdet utanfor dette viltområdet. Det same gjeld for vinterbeiteområdet for hjort.

Elva er ein sannsynleg hekkelokalitet for fossekalldå det finst fleire eigna lokalitetar, men pga. lokal skoggrense og substratet i elva er det nok lite nytta som hekkeområde. I tillegg er elva ofte tørrlagd pga. lukeregulering for Valedalsdammen.

Ifølgje den biologiske rapporten vil plassering av kraftstasjonen som i alternativ 2 vera noko betre fordi det i alternativ 1 vil vera eit lengre strekk med redusert vassføring som er negativt for fuktighetskrevjande artar langs elva.

Fisk

Nedstraums kraftverket vil det i samband med eit utfall i kraftstasjonen kunna oppstå episodar med rask vasstandsreduksjon og med mogleg stranding for ungfisk for alternativ 2. Dette skjer også i dag, når luka i Valedalsvatn vert stengd i periodar.

Både i Sitautevatn og i Smøstølvatnet er det tynne bestandar med aure. I Sitautevatn aukar bestanden, men gyteforholda er ukjende. Mest sannsynleg gyter auren i utlaupsbekken mot aust. Det skal vere ein relativt god bestand av aure i det aktuelle elvestrekket.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil ikkje stilla krav om arkeologisk undersøking i samband med dei omsøkte tiltaka. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne er marginalt. Når det gjeld kulturminne frå nyare tid er det kjent to stølar/stølsområder i nærleiken av tiltaksområdet. I Valedalen var det støl og stølshuset stod truleg der det står ei hytte i dag. Gamlestølen låg om lag 500 meter nord for Stemmelandsdammen men det vart ikkje funne tufter eller andre spor etter busetnad ved registreringane til bokverket «Stølar og setrar i Kvinnherad» som vart utgitt i 2011. Ingen av desse stølsområda vert påverka av dei søkte tiltaka.

Landskap

Valedalsvatnet og Sitautevatnet ligg i eit område som i Fylkesdelplanen for småkraftverk er klassifisert som eit sårbart høg fjellsområde av **stor verdi**. Det er eit relativt stort, samanhengande område.

For overføringa av Sitautevatn står det i den biologiske rapporten at det under anleggsarbeidet må reknast at dei fysiske inngrepa er betydelege.

INON

Inngrepa knytt til overføringa av Sitautevatn vil gje bortfall av INON-område, både av sone 1, som vert til sone 2, og av sone 2, som vert inngrepsnære område. INON-området får **stor verdi** i den biologiske rapporten då dei utgjer eit stort, samanhengande inngrepsfritt område som strekk seg frå fjorden til det aktuelle fjellområdet.

Friluftsliv

Tiltaksområdet ligg i eit område klassifisert som middels verdi (regionalt viktig) for friluftsliv i fylkesdelplan for småkraftverk. Det er stor friluftslivsaktivitet i området. Det er lagt opp fleire stiar og rasteplassar og det er fleire hytter rundt Valedalsvatnet, som er mykje nytta.

Elvestrekket mellom dei to kraftstasjonsalternativa er eit populært fiskeområde fordi det er lett tilgjengeleg og har mange fine kulpar. Det er også ein del småviltjakt i områda rundt Valedalsvatnet, i tillegg til noko hjortejakt i liene.

Tiltaka vil ikkje utgjera fysisk hindring for utøving av friluftsliv, og vegen fram til Valedalsdammen vil letta tilgangen til områda lengre inn. Redusert vassføring vil vera negativt for fiskemoglegheitene i elva. Den biologiske rapporten gjer området middels til stor verdi for tema brukarinteresser, men liten negativ konsekvens.

Som for biologisk mangfald vil alternativ 2 vera litt betre enn alternativ 1 då den delen av elva som er mykje nytta til fiske vil vera urørd.

f) Vurdering

I vurderinga legg ein dei fylkespolitiske retningslinene for små vasskraftverk til grunn for vurderinga for tema der dei er relevante. Det er elles faglege vurderingar ut frå kunnskapsgrunnlag.

Biologisk mangfald

Av omsyn til fisk og fugl er det naudsynt å sjå på minstevassføringa, og auke denne. Dette vil også få positive verknader for reguleringane som allereie gjennomførast i område og dei negative verknadane desse har for fisken i området.

R5 Biologisk mangfald

4. For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av egne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.

Det er truleg fossefall i elva og retningslinene slår då fast at avbøtande tiltak må gjennomførast for å sikra desse hekkeplassane.

Kulturminne

Vi vil be om at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltak skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Landskap

R4 Sårbart høgfjell:

3. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere *restriktiv* med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.
Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.
4. I andre område med sårbart høgfjell bør ein *vise varsemd* med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.

Valedalsvatnet er allereie regulert, men Sitautevatn ligg i eit område klassifisert som sårbart høgfjell av stor verdi. Det tel positivt at tiltaket er tenkt gjennomført veglaust og som bora tunnel.

Friluftsliv

Influensområdet er mykje nytta til friluftsliv, og er regionalt viktig med middels verdi. Sjølv om tiltaket ikkje vil utgjera fysisk hinder for friluftslivsaktivitetar vil ulike typar tekniske inngrep i natur vera ei mogleg negativ endring for turopplevingar.


3. Sumverknadar og samla vurdering

Landskap

Fylkesdelplan for småvasskraftverk skriv om sumverknadar for landskap mellom anna:

Eit kraftverk kan setja spor i landskapet ved redusert vassføring og gjennom terrenginngrep som bekkeinntak, vegar, rørgater, masseponi og eventuelle kraftlinjer. Isolert sett kan inngrep frå eit småkraftverk verka moderate, medan summen av mange små kraftverk i same landskapsområde kan gje redusert opplevingsverdi, for eksempel om eksponerte fossar fell bort eller vert redusert. Landskapstypene og i kor stor grad ein kan skjula dei tekniske installasjonane har innverknad på kor mykje eit område toler av inngrep. Småkraftverk med vegar vert meir synleg i eit sårbart høgfjellsområde eller i eit eksponert fjordlandskap enn i eit kupert skogsterreng. I eit storskala landskap med fjordar og høge skrinne fjell vil slike inngrep vere synleg på lang avstand. I opne skrinne landskap vil inngrepa vera synleg i lang tid og kan opplevast som sår i terrenget.

Som ein ser av kartet under går dei fleste kraftverka inn på området med sårbart høgfjell. I vurderinga av dei einstilte kraftverka er også dette diskutert. Ved å utelate Børsdalen, vert det totale inngrepet på det store, samanhengande området av sårbart høgfjell av stor verdi mindre.




Figur 6: Oversikt over dei søkte kraftverka og sårbart høgfjell. Rød er stor verdi, oransje er middels verdi.

Friluftsliv

Fylkesdelplan for småvasskraftverk skriv om sumverknadar for friluftsliv mellom anna:

Sterk reduksjon av vassføring og ulike terrenginngrep i samband med kraftutbygging kan gjera eit område mindre attraktivt for utøving av friluftsliv. Mange stader følgjer turvegane vassdraga, og for mange er opplevinga av å gå langs elva eller å sjå og høyre eit fossefall ein viktig del av friluftslivet. For nokon kan nye vegar i samband med ei kraftutbygging opplevast

positivt og gje betre tilgang til eit turområde, medan andre helst vil ferdast i område utan inngrep og tilrettelegging.



Figur 7: Oversikt over dei søkte kraftverka på eit verdikart for friluftsliv. Rød er stor verdi, oransje middels og gul liten verdi.

Omsynet til friluftsliv er ei av årsakene til at Fylkesrådmannen rår frå utbygginga av Børsdalselva. Ved å redusera talet på utbyggingar vil ikkje opplevingsverdiane i dei store, mykje nytta og viktige friluftsområda verta lika råka av utbyggingane. Spesielt viktig er omsynet til det flotte området rundt Ulvanosa.

4. Fylkesrådmannens merknader

NVE har dei siste tre åra sendt mange søknader om bygging av små kraftverk på høyring. Særleg seint på våren er det kome mange saker med relativt korte høyringsfristar, gjerne midt i sommarferien. Hordaland fylkeskommune har søkt om og fått utsett høyringsfrist i mange høve. Årsaka til dei korte fristane er at NVE ønskjer å ha synfaring om hausten før snøen kjem.

Det store talet på saker heng saman med at Noreg har slutta seg til elsertifikatmarknaden med Sverige og skal vere med på å bygge ut fornybar kraft på tilsaman 26,4 TWh. Norske styresmakter har vedteke at dei nye norske bidraga skal stå ferdig til 1.1.2020, medan Sverige har sett noko lenger frist for si utbygging.

Hordaland er eitt av fylka med størst teoretisk potensial for utbygging av meir småkraft.


Eg meiner det er viktig at flest moglege søknader vert sett i samanheng av omsyn til samla konsekvensar i eit område. Det er difor prisverdig at NVE har sendt dei 13 søknadane på

Folgefonnhalvøya samla ut. Særleg når det gjeld sumverknader for både landskap og naturmangfald er det naudsynt.


Hordaland fylkeskommune er ein sentral høyringspart for NVE. For at vi skal kunne gjere vår del av jobben treng vi betre tid til handsaming av denne typen saker.

Kraftutbygging i Kvinnherad kommune, Hordaland fylke

1:100 000



- Inntak
- Under konsjonsbehandling
- Avslått
- Gitt konsesjon
- Utbygd
- Vurdert konsesjonsplikt
- Eksisterende vannvei
- Omsett vannvei
- Konsesjonsgitt vannvei





SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201208768
Arkivnr. 344
Sakshandsamar Halsør, Tale

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	20.06.13	173/13

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJE 8 SMÅKRAFTVERK I JONDAL OG ULLENSVANG - DEL AV 13 SMÅKRAFTVEKSØKNADER PÅ FOLGEFONNHALVØYA - FRÅSEGN

Fylkesutvalet 20.06.13

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. «Saka vert utsett.
2. Fylkesutvalet meiner NVE, med ein alt for kort høyringsfrist, legg opp til ei uforsvarleg sakshandsaming i desse sakene. Det er ikkje gitt god nok tid til å korkje gå inn i enkeltprosjekt eller vurdere samla belastning, slik NVE ber om i sitt høyringsbrev.
3. Fylkesutvalet tilrår difor generelt at ingen av kraftverka vert bygd ut.»

Oen sitt forslag om utsetjing fekk 1 røyst (SV) og fall.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

«a) Nytt punkt 29:

Fylkesutvalet set pris på at NVE set prosjekt i samanheng med å presentere ei gruppe søknader for eit større og samanhengande område. Ei slik samanstilling bør også vere følgd opp med ei vurdering av sumverknader for naturmangfald, landskap, turisme- og friluftsverdiar av dei omsøkte prosjekta, sett i samanheng med verknadane av prosjekt som tidlegare er gitt konsesjon og eksisterande kraftanlegg.

b) Nytt punkt 30:

Grunna for dårleg tid til å vurdere både sumverknader og enkeltprosjekt tilrår fylkesutvalet generelt at ingen av kraftverka vert bygd ut.»

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt forslag:

«Punkt 28 vert endra til punkt 1.»

Røysting

Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 1-28 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Oen sitt forslag a) fekk 3 røyster (SV, KrF, SV) og fall.

VEDTAK

Fylkesutvalet reagerer på den korte tidsfristen i denne saka. Ein må kunne rekna med lenger handsamingstid for 13 kraftverk enn for eit. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein god samarbeidspart for NVE i energisaker. Vi vil levera fråsegner som har eit godt fagleg grunnlag. Hordaland fylkeskommune utøver mynde i medhald av fleire føresegner, lovverk og regionale planar, og som kulturminnemynde må vi ha tid til synfaring i feltet. Fylkeskommunen er eit politisk forvaltningsnivå. Kraftsaker har stor politisk interesse og fråsegner må til politisk handsaming i våre styrande organ, som er kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.

Sæverhagen (Jondal)

1. Fylkesutvalet saknar ei utgreiing av kulturminneinteresser og konsekvensar tiltaket vil ha på kulturminne i søknaden.
2. Fylkesutvalet fremjar motsegn til plassering og utforming av Sævarhagen kraftstasjon. Motsegna vert trekt dersom konsesjonsvilkåra sikrar at utbygginga ikkje forringar kulturmiljøet i vesentleg grad. Planar og teikningar for kraftstasjonen må godkjennast av Hordaland fylkeskommune som sektorstyremakt innan kulturminnevern.
3. Fylkesutvalet fremjar motsegn til redusert vassføring i elva. Motsegna vert trekt dersom konsesjonsvilkåra sikrar vassføring til drift av den freda oppgangssaga Tveiti, askeladden id 87193. Alternativ løysing med plassering av kraftstasjon høgare oppe i vassdraget bør vurderast. Uavhengig av dette må minstevassføringa i synlege delar av elva vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva som landskapselement.
4. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Grimeelvi (Jondal)

5. Røyrtraseen og mellombels anleggsveg er i konflikt med fjordlandskapet. Avbøtande tiltak, som tunnel eller bygging ved hjelp av taubane, skal vurderast.
6. Tiltaket er i konflikt med raudlista skorpefiltlav. Tiltakshavar må endre detaljplanar for tilkomstveg, rigg og kraftstasjon for å unngå å hogge grå-orskogen som laven lever på.

Brattabøelvi (Jondal)

7. Kulturminne tema er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvensar tiltaka vil ha på kulturminne langs elva og den gamle ferdselsvegen gjennom Krossdalen før konsesjon er gitt.
8. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.
9. Auka minstevassføring skal vurderast i sommarhalvåret for å ta vare på Brattebøelvi som landskapselement.
10. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Vassendelva (Jondal)

11. Regulering av Vassendvatnet fører til store negative konsekvensar for friluft og ferdsel og skal ikkje tillatast.
12. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka. Detaljplan for prosjekta må sendast til Hordaland fylkeskommune slik at forholdet til kulturminnelova kan avklarast.

13. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Krossdalselvi (Jondal)

14. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
15. Avbøtande tiltak med ei minstevassføring vil sikre ei viss vassføring forbi kvernhusmiljøet, halde oppe kvaliteten på fisken i elva og ta vare på Krossdalselvi som landskapselement.
16. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Breisete (Jondal)

17. Produksjonen av kraft frå Breisete kraftverk veg ikkje opp for dei negative konsekvensane tiltaket vil få for friluftsliv og potensielt for biologisk mangfald. Fylkesutvalet rår frå utbygging av Breisete kraftverk.
18. Kulturminnetema er ikkje utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvens tiltaka vil ha på kulturminne.
19. Fylkesutvalet fremjar motsegn til vegframføring og jordkabel som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Søkjar må finne alternative løysingar for vegframføring og jordkabel for å unngå konflikt med freda kulturminne.
20. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Tveddal (Jondal)

21. Konsekvensane av utbygging av Tveddal kraftverk er ikkje tilstrekkeleg vurdert, det er potensiell konflikt med kulturminne, biologisk mangfald og landskap. På grunnlag av naturmangfaldlova § 8 og § 9 rår fylkesutvalet frå utbygging av Tveddal kraftverk.
22. Kulturminnetema er ikkje utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvens tiltaket vil ha på kulturminne og vurdere avbøtande tiltak.
23. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Øvre Alsåker (Ullensvang)

24. Det må vurderast høgare minstevassføring av omsyn til biologisk mangfald, særskild fossesprøytsone, og av omsyn til fossane som sentrale landskapselement.
25. Det må undersøkast å endra traséen noko for å unngå nærføring med gråor-heggeskogen slik at den kan skjermast.
26. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.
27. Freda kulturminne nær tiltaksområde må merkast under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 25. juni 2013

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mildrid Bertelsen



Arkivsak 201208768-30
Arkivnr. 344
Saksh. Tale Halsør, Elizabeth Warren, Gunnbjörg Austrheim, Stina Oseland

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

20.06.2013

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJE 8 SMÅKRAFTVERK I JONDAL OG ULLENSVANG. DEL AV 13 SMÅKRAFTSØKNADER PÅ FOLGEFONNHALVØYA - FRÅSEGN

SAMANDRAG

NVE har med frist 15.7.2013 sendt på høyring søknad om bygging av 13 små kraftverk på Folgefonnhalvøya. Hordaland fylkeskommune har søkt om, men ikkje fått utsett høyringsfrist.

Det ligg føre sju søknader om utbygging av små vasskraftverk i Jondal og Herand i Jondal kommune og ein søknad frå Ullensvang kommune. Prosjekta er mellom 5,1 og 20 GWh i årleg produksjon og dei fleste har om lag 60 prosent av kraftproduksjonen sommarstid. To av prosjekta inkluderer regulering av vatn. Utbyggingsprisane er i det midtre sjiktet for kostnad, på mellom 2,6 og 3,8 kr/kWh.

Dei fleste sakene er ikkje tilstrekkeleg utgreidd for kulturminneinteresser. To av sakene har generelt mangelfulle søknader.

Landskapet har ein stor verdi i dette området og dei fleste prosjekta er i konflikt med landskapsverdiar i større eller mindre grad. Landskapsverdiane ligg òg til grunn for dei populære friluft- og reiselivsdestinasjonane i området. Dei fleste prosjekta er i kulturlandskapet, mellom gardar og oppover langs skogsvegar. Her er difor høgt potensial for konflikt med kulturminne, medan konfliktane med biologisk mangfald er mindre.

På grunn av kort frist er denne saka ikkje handsama i Kultur- og ressursutvalet.

FORSLAG TIL VEDTAK

Sæverhagen (Jondal)

1. Fylkesutvalet saknar ei utgreiing av kulturminneinteresser og konsekvensar tiltaket vil ha på kulturminne i søknaden.
2. Fylkesutvalet fremjar motsegn til plassering og utforming av Sævarhagen kraftstasjon. Motsegn vert trekt dersom konsesjonsvilkåra sikrar at utbygginga ikkje forringar kulturmiljøet i vesentleg

grad. Planar og teikningar for kraftstasjonen må godkjennast av Hordaland fylkeskommune som sektorstyremakt innan kulturminnevern.

3. Fylkesutvalet fremjar motsegn til redusert vassføring i elva. Motsegn vert trekt dersom konsesjonsvilkåra sikrar vassføring til drift av den freda oppgangsgaga Tveiti, askeladden id 87193. Alternativ løysing med plassering av kraftstasjon høgare oppe i vassdraget bør vurderast. Uavhengig av dette må minstevassføringa i synlege delar av elva vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva som landskapselement.
4. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Grimeelvi (Jondal)

5. Røyrtraseen og midlertidig anleggsveg er i konflikt med fjordlandskapet. Avbøtande tiltak, som tunnel eller bygging ved hjelp av taubane, skal vurderast.
6. Tiltaket er i konflikt med raudlista skorpefjell. Tiltakshavar må endre detaljplanar for tilkomstveg, rigg og kraftstasjon for å unngå å hogge grå-orskogen som laven lev på.

Brattabøelvi (Jondal)

7. Kulturminne tema er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvensar tiltaka vil ha på kulturminne langs elva og den gamle ferdselsvegen gjennom Krossdalen før konsesjon er gitt.
8. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.
9. Auka minstevassføring skal vurderast i sommarhalvåret for å ta vare på Brattebøelvi som landskapselement.
10. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Vassendelva (Jondal)

11. Regulering av Vassendvatnet fører til store negative konsekvensar for friluft og ferdsel og skal ikkje tillatast.
12. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka. Detaljplan for prosjekta må sendast til Hordaland fylkeskommune slik at høve til kulturminnelova kan avklarast.
13. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Krossdalselvi (Jondal)

14. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.
15. Avbøtande tiltak med ei minstevassføring vil sikre ei viss vassføring forbi kvernhusmiljøet, halde oppe kvaliteten på fisken i elva og ta vare på Krossdalselvi som landskapselement.
16. Det må påleggjast avbøtande tiltak for å redusere støy frå kraftstasjonen.

Breisete (Jondal)

17. Produksjonen av kraft frå Breisete kraftverk veg ikkje opp for dei negative konsekvensane tiltaket vil få for friluftsliv og potensielt for biologisk mangfald. Fylkesutvalet rår frå utbygging av Breisete kraftverk.
18. Kulturminnetema er ikkje utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvens tiltaka vil ha på kulturminne.
19. Fylkesutvalet fremjar motsegn til vegframføring og jordkabel som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Søkjar må finne alternative løysingar for vegframføring og jordkabel for å unngå konflikt med freda kulturminne.
20. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Tveddal (Jondal)

21. Konsekvensane av utbygging av Tveddal kraftverk er ikkje tilstrekkeleg vurdert, det er potensiell konflikt med kulturminne, biologisk mangfald og landskap. På grunnlag av naturmangfaldlova §8 og §9 rår Fylkesutvalet frå utbygging av Tveddal kraftverk.
22. Kulturminnetema er ikkje utgreidd. Tiltakshavar bør vise kva slags konsekvens tiltaket vil ha på kulturminne og vurdere avbøtande tiltak.
23. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.

Øvre Alsåker (Ullensvang)


24. Det må vurderast høgare minstevassføring av omsyn til biologisk mangfald, særskild fossesprøytonene, og av omsyn til fossane som sentrale landskapselement.
25. Det må undersøkast å endra traseen noko for å unngå nærføring med gråor-heggeskogen slik at den kan skjermast.
26. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaka.
27. Freda kulturminne nær tiltaksområde må merkast under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.

Øvrig

28. Fylkesutvalet reagerer på den korte tidsfrista i denne saka. Ein må kunne rekna med lenger handsamingstid for 13 kraftverk enn for eit. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein god samarbeidspart for NVE i energisaker. Vi vil levera fråsegner som har eit godt fagleg grunnlag. Hordaland fylkeskommune utover mynde i medhald av fleire føresegner, lovverk og regionale planar, og som kulturminnemynde må vi ha tid til synfaring i feltet. Fylkeskommunen er eit politisk forvaltningsnivå. Kraftsaker har stor politisk interesse og fråsegner må til politisk handsaming i våre styrande organ, som er kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann



Bård Sandal
Regionaldirektør

Vedlegg: Oversiktskart

Lenke til søknader:

[Sæverhagen](#)

[Grimeelvi](#)

[Brattabøelvi](#)

[Krossdalselvi](#)

[Vassendelva](#)

[Breisete](#)

[Tveddal](#)

[Øvre Alsåker](#)

1. Innleiing

NVE har i brev av 11.04.2013 sendt på høyring søknad om bygging av 13 små kraftverk på Folgefonnhalvøya. Frå før av er det fleire kraftverk i området. Høyringsfrist er 15.7. Hordaland fylkeskommune har søkt om, men fått avslag på utsett tid. På grunn av den korte fristen har fylkesrådmannen opphavleg lagt opp til at sakene berre vert handsama i fylkesutvalet. Kultur- og ressursutvalet (KURE) bad i møte den 14. mai om at sakene vart lagde fram på ekstraordinært møte i utvalet under fylkestinget 11.-12. juni.

Dei 13 søknadane er samla i to politiske saker. Denne saka handlar om dei 8 søknadane som gjeld Jondal og Ullensvang. Saka som gjeld dei 5 søknadane frå Kvinnherad vart handsama av KURE den 11.6.13. KURE er orientert om og har slutta seg til at denne saka går direkte til handsaming i Fylkesutvalet.

2. Søknadane

Det ligg føre sju søknader om utbygging av småkraft i Jondal kommune og ein søknad frå Ullensvang kommune. I det følgjande er dei planlagde tiltaka vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, ålmenne interesser. Hordaland fylkeskommune er regional sektorstyresmakt innanfor kulturminne. I tillegg har fylkeskommunen vedteke ein fylkesdelplan for små vasskraftverk som ligg til grunn for vurderingane. I tillegg til delplanen har fylkeskommunen utarbeidd ei verdivurdering av landskap¹ og av friluftsområde² i Hordaland, som også er nytta i vurderingane.

For delområde Jondal-Strandebarm står følgjande i fylkesdelplanen:

Strandebarm – Jondal delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Jondalselva har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget.

For delområde Samlafjorden står følgjande i fylkesdelplanen:

Samlafjorden delområde har eit stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Området har fleire potensielt verdifulle bekkekløfter som må undersøkjast nærare ved nye utbyggingsplanar.

Som det går fram frå fylkesdelplanen har landskapet ein særleg stor verdi i dette området. Landskapsverdiane ligg også delvis til grunn for dei viktige friluftsliv- og reiselivsdestinasjonane. Dette er også område med mykje kulturarv. Dei fleste prosjekta er i kulturlandskapet, mellom gardar og oppover langs skogsvegar. Konfliktene med biologisk mangfald er difor mindre.

Nøkkelinformasjon er summert opp i tabellen under:

¹ Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland naturverkstad, 2011.

² Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland. 2008. I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland.

Kraftverk	Produksjon (GWh/år)	Utbyggings pris (kr/kWh)	Nye terrenginngrep	Konfliktområde	Vurdering
Grimeelvi	5,17	3,81/4,89	800 m røyrgate eller tunnel. Inntak 4x5 m.	Røyrgate i fjordlandskap. Biologisk mangfald.	Middels konfliktgrad. Lite produksjon samanstillt med kostnad og verknad på ytre miljø.
Sæverhagen	13,3	3,43	650-680 m røyrgate.	Redusert vassføring i synleg elvestryk. Kulturminne.	Middels konfliktgrad. Krav om auka minstevassføring for landskap og kulturminne.
Brattabøelvi	12,4	3,1	2,5 km røyrgate, 3x20 m inntaksdam	Elva er eit synleg landskapselement	Låg konfliktgrad. Krav om skånsam utforming for landskapet.
Krossdalselvi	20	2,6	600 m røyrgate, 1 km tunell, 4x30 m inntaksdam	Skjemmande inntaksdam. Foss. Kvernhus. Massedeponi. Bading og fisking.	Middels konfliktgrad. Flytting av inntaksdam og auka minstevassføring.
Vassendelva	6,8	3,3/3,6	2,5 km røyrgate	Stor og skjemmande reguleringssone i vatn. Viktig utfartsområde.	Høg konfliktgrad om regulering. Låg konfliktgrad om ein unngår regulering av vatnet.
Tveddal	17,1/15,6	2,5/2,6	1700/1350 m røyrgate. 2x21 m inntaksdam.	Regionalt viktig kulturmarksområde. Landskap. Svakt kunnskapsgrunnlag.	Høg konfliktgrad. For svakt kunnskapsgrunnlag til å fatte vedtak. Alternativ 2 reduserer konflikt med kulturlandskap.
Breisetete	8,9	3	1,1 km røyrgate. 1,1 km + 250 m ny, permanent veg. 3x20 m inntaksdam.	Friluftsliv. Kulturminne. Landskap. Svakt kunnskapsgrunnlag.	Høg konfliktgrad. For svakt kunnskapsgrunnlag til å fatte vedtak. Konfliktnivået kan i liten grad reduserast ved avbøtande tiltak. Store konsekvensar for relativt låg produksjon.
Øvre Alsåker	19,1	2,6	1700 m tilløypsrøyr, 420 m ny veg, midlertidig anleggsveg, tunnel, 2mx15m terskel.	Biologisk mangfald, landskap, INON, friluftsliv	Middels konfliktgrad. Omsyn til dei verdifulle naturtypene, høgare minstevassføring av omsyn til fossar og elvelaup.


A. Herand

I vassdraget Storelvi i Herand ligg det føre søknader om Sæverhagen og Grimeelvi kraftverk. NK Småkraft har avtale med 14 av 15 aktuelle grunneigarar om leige av fallrettar til utbygging av Sæverhagen kraftverk. Det vart halde jordskiftesak 14.2.2013 for å finne ei bruksordning. Hardangeralliansen har avtale med alle grunn- og fallrettshavarane langs Grimeelvi om leige av fallrettar til Grimeelvi kraftverk. NVE er vedtaksmynde for båe søknader. I det same vassdraget har Hordaland fylkeskommune tidlegare gjeve innspel til ein søknad om utbygging av Herand kraftverk. Dette er eit større kraftverk der avgjerda vert teken av Olje- og energidepartementet etter innstilling frå NVE. Hordaland fylkeskommune hadde motsegn grunna konflikt med kulturminneverdiar i området, og har oppretthalde motsegna etter motsegnsmøte med NVE (4. mars 2013). OED har ikkje fatta vedtak i saka.

A.1.

Områdeomtale

Sæverhagen og Grimeelvi kraftverk ligg langs vassdraget Storelvi i Herand i Jondal kommune. Prosjektområdet til Sæverhagen vil vere i nedre del av Storelvi, mellom Hardangerfjorden og Herandsvatnet, der elva går gjennom oppdyrka jordbrukslandskap med noko kantvegetasjon langs elvestrengen. Området har ein del bygg, vegar og anna infrastruktur. Ved utløpet i fjorden ligg eit settefiskanlegg tilhøyrande Marine Harvest Sør. Det er spor etter tidlegare kraftproduksjon i elva, og det er etablert ein dam og ein terskel ved utløpet av Herandsvatnet. Prosjektområdet til Grimeelvi er lenger oppe i vassdraget, er skogkledd og særskilt bratt, med unntak av små, flatare parti ved planlagd inntak og kraftstasjon. Grimeelvi er ei lita sideelv til Storelvi og går øvst i ei kløft og nedst over store sva. Det er ein liten foss i elva.



Prosjektområde for småkraftverka Grimeelvi og Sæverhagen i Herand i Jondal. For eit heilskapleg bilete er også Herand kraftverk, som er til handsaming hjå NVE/OED, også teke med.

A.2. Prosjekta

Presentasjon av prosjekt og konsekvensar slik dei er presenterte i søknaden og tilhøyrande rapportar.

a. Sæverhagen

Sæverhagen kraftverk vil nytte eit fall på 73, 5 meter frå utløpet av Herandsvatnet, til kraftstasjon 100 meter frå fjorden. Det er vurdert to ulike alternative røyrgatear med litt ulik trasé (sjå kart). Røyrgate vil gå på nordsida av elva og vere 685 eller 648 meter lang, avhengig av det valde utbyggingsalternativet. Røyrret vil gravast ned på inn- og utmark, men vil truleg ligge i dagen i øvste del av traseen. Prosjektet vil nytte ein allereie etablert inntaksdam. Det vert bygd 20 m ny veg til kraftstasjonen og 150 m jordkabel frå kraftstasjon til koplingspunkt til nettet. Det vert etablert ein midlertidig anleggsveg langs heile traseen. Planlagd installert effekt i kraftverket er 4,6 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 13,3 GWh. Av dette er to tredelar sommarkraft. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 624 l/s i sommarsesongen og 208 l/s resten av året. Per i dag er det ledig kapasitet i nettet, men det er planlagd oppgraderingar og nettforsterkingar for å auke kapasiteten grunna mange søknadar i same område. Utbygginga vil inkludere restaurering av den gamle kraftstasjonen i elva. Utbyggingskostnad er venta å bli 45,7 mill.kr, som gjev ein utbyggingspris på 3,43 kr/kWh.

Landskap

Landskapet er representativt for regionen, men er dominert av eit særleg rikt kulturlandskap med tilhøyrande autentisk bygningsmiljø. Miljøet er knytt til bruk av elva til sagbruk- og kvernhushdrift gjennom tidene og jordbruk som held landskapet ope og gjer kontrastane tydelegare. Landskapet i Herandsbygda er særlege og vurdert å ha regional verdi.

Biologisk mangfald

Området er prega av kulturlandskap og det er ikkje særleg artsrikt. Elva er klassifisert til å ha lokal verdi som viktig bekkedrag, grunna sin funksjon som reirplass og skjulestad for fuglar, og produksjon

av smådyr som er viktig føde for vasstilknytt fugl og fisk. Det er nokre alme- og asketre langs elva, som er raudlista artar og nær truga. Tiltaket er vurdert å ha *liten til middels negativ effekt* på biologisk mangfald, hovudsakleg grunna konsekvens for vasstilknytt fugl. Det er tidlegare registrert ål i området. Ål er kritisk truga. Det er noko bekkeare i elva som slepp seg ned i elva frå Herandsvatnet, men det er ikkje fiske på denne.

Samfunn og andre brukarinteresser

Utbygginga vil krevje landbruksareal i anleggsfasen, men er ikkje venta å ha negative konsekvensar for landbruket i driftsfasen. Fallrettsleige vil gi ekstraintekt til gardsbruka. Marine Harvest Sør nyttar i dag vatn frå Herandsvatnet til drift av settefiskanlegg. Det går ein vassleidning direkte mellom vatnet og anlegget. Tiltakshavar har dialog med bedrifta og det er semje om at kraftstasjonen vil nytte vatnet som er att etter at settefiskanlegget har fått det vatnet dei treng for si drift. Selskapet ønskjer avtale med tiltakshavar om kjøp av elektrisitet til drifta av anlegget, årleg forbruk er 1,7 GWh. Kraftstasjonen vil ligge nær busetnad og vil krevje støyreduserande tiltak.

Herand er del av eit prosjekt initiert av Fylkesmannen i Hordaland, for å opprette landskapsparkar der samfunn, næring og unike natur- og kulturlandskap utviklast i fellesskap. Tiltakshavar meiner Sæverhagen kraftverk vil inngå i mykje av det landskapsparken skal representere.

b. Grimeelvi

Grimeelvi kraftverk vil nytte eit fall på 320 meter i Grimeelvi, frå kote 550 til kraftstasjon på kote 230. Ei røyrgate på om lag 800 meter vil gå på sørsida av elva, for det meste graven ned, men eit stykke vil vere i dagen. Alternativt vil vannvegen vere ein kombinasjon av borehol og røyr i grøft (alternativ 2). Ved inntaket vert det etablert ein dam om lag 3-4 m høg og 5 m brei. For adkomst til kraftstasjonen er det planlagd mellom 10 og 50 meter ny veg. Det vert etablert midlertidig anleggsveg langs røyrkata. 800 m jordkabel vil knytte kraftstasjonen til påkoplingspunkt for høgspend (også planlagd påkoplingspunkt for det planlagde Herand kraftverk). Det er planar for oppgradering av nettet i området for å ta i mot kraft frå dei planlagde prosjekta. Planlagd installert effekt i kraftverket er 2,0 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 5,2 GWh. Av dette er 3,1 GWh vinterproduksjon. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring om lag tilsvarende 5-persentil og alminneleg lågvassføring, på 18 l/s i sommarsesongen og 17 l/s resten av året. Utbyggingskostnad er estimert til 20 mill.kr for alternativ 1 og 25 mill. kr for alternativ 2. Det gjev ein utbyggingspris på høvesvis 3,8 kr/kWh og 4,9 kr/kWh.

Landskap

Området er vurdert til middels verdi. Det er typisk for området med få kontrastar og nokre inngrep. Tiltaket vil vere synleg på avstand, særleg i perioden før røyrgater og anleggsvegar gror att. Konsekvens er difor vurdert til *middels negativt* for landskap. Konsekvensane ved alternativ 2 er ikkje vurdert, men då det er snakk om ein tunnel i staden for røyrgate, vil dette vere eit meir skånsamt alternativ.

Biologisk mangfald

Den truga arten skorpefiltlav lev på gråor i området og desse trea vil fjernast under bygginga av kraftstasjonen. Redusert vassføring vil minske utbreiinga av fuktkrevjande artar mose og lav. Konsekvensen av tiltaket for raudlisteartar er vurdert til *stor til middels negativ effekt*. Konsekvensane ved alternativ 2 er mindre enn alternativ 1 for karplanter, mose og lav.

Grimelva har liten verdi for fisk. Nokre aure slepp seg ned frå Vatnasetvatnet, men det er ikkje gytetilhøve i elva. Grunna redusert vassføring i sommarsesongen vil tiltaket ha *liten negativ* konsekvens for artssamansettinga av ferskvassorganismar i elva.

Samfunn og andre brukarinteresser

Det er ein del plantefelt og skog i området og noko skogsdrift i nedre del. Tekniske inngrep vil krevje ein del skogsareal og anleggsperioden kan vere til hinder for skogsdrift. Konsekvensane for jord- og skogsressursar er sett til *middels negativ*. Alternativ 2 vil ha mindre behov for hogst og er dimes eit meir skånsamt alternativ.

Området er lite nytta til friluftsliv, men turstiar krysser elva ved inntak og like over kraftstasjon. Det er noko hjortejakt. I anleggsperioden vil støy og trafikk ha negativ effekt på friluftslivet, og tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet vil ha negativ effekt også på sikt. Då området kun har lokal verdi er den konsekvensen vurdert til *liten til middels negativ* for friluftsliv og jakt.

A.3.

Vurdering og tilråding

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert sakene som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Dersom det er gitt fagleg tilråding om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser og dette ikkje vert følgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka (jf. forskrift til Kulturminneloven kap. 1, §3).

a. Sæverhagen

Det er kjent fleire kulturminne frå nyare tid innanfor influensområdet. Det er eit særleg rikt og variert kulturlandskap og bygningsmiljø knytt til jordbruk og industrihistorie i området. Den gamle kraftstasjonen i Storelvi er eit viktig kulturminne og det er positivt at det blir restaurert som ein del av prosjektet. Den gamle kraftstasjonen vil vise fram kraftproduksjon frå ny og gamal tid og vil kunne nyttast i tilknytning til ein ny tursti for bygda Herand.

Den planlagde nye kraftstasjonen er plassert i eit område med gamle steinmurar/ tufter etter ei svært gamal oppgangssag. På andre sida av Storelvi, ca. 35 meter sørvest for den planlagde kraftstasjon har det stått oppgangssag sidan 1700-talet. Tveiti oppgangssag er truleg den siste vassdrivne oppgangssaga i landet som har vore i ordinær drift. I dag sel driftselskapet tømmer, m.a. til restaurering av Bryggen i Bergen. Sidan restaureringa av saga tok til, har Hordaland fylkeskommune vore ein aktiv støttespelar, både som kulturminnefagleg rettleiar og ved å yte tilskot til saga. Tveiti oppgangssag, Askeladden id 87193, er freda etter Lov om kulturminner § 15. Området har stor kulturminneverdi, ikkje berre for Herand, Jondal og Hardanger, men og nasjonalt.

Det må takast særleg omsyn til Tveiti oppgangssag og kulturmiljøet rundt. Nye tiltak skal ivareta verdiane i kulturmiljøet som heilskap, mellom anna gjennom god terrengtilpassing, gjennomtenkt lokalisering, utforming og detaljering.

I utforminga av den nye kraftstasjonen skal det takast særleg omsyn til omgjevnadene med oppgangssaga og kulturlandskapet. Arkitektonisk kvalitet med varige materialar skal vektleggjast i bygg og uteareal. Endelege teikningar av kraftstasjonen skal godkjennast av Hordaland fylkeskommune.

Når det gjeld tilførsel av vatn til Tveiti oppgangssag er det viktig å sikre sikker og god vasstilgang for ordinær drift. Innhaldet i føringane i brevet referert til nedanfor må formulerast som konsesjonsvilkår.

Vi viser til brev av 12.05.2013 sendt til Tveiti Oppgangssag, Herand, frå Bård Moberg, for NK Småkraft og grunneigarane i Storelvi:

Som det også står i søknaden vil Sæverhagen kraftverk sleppe vatn forbi slik at oppgangssaga kan køyrast som den gjer i dag. I dette ligg det følgande sjølvpålagte føringar:

- 1. Det er lagt opp til ei minstevassføring (vatn som vil renne i elva som i dag, og som kraftverket ikkje vil nytte seg av) på 624 liter pr sekund i sommarperioden og 208 liter pr sekund i vinterperioden. Basert på dagens behov i HO skal dette være tilstrekkelege mengde med vatn for køyring som i dag.*
- 2. Dersom det likevel skulle bli utfordringar med å få nyttiggjort seg av vatnet er det Sæverhagen kraftverk sitt ansvar å:*
 - a. Koste og utbetre inntaket til HO slik at drifta kan gjerast som i dag.*
 - b. Framskaffe pumper som gjer at tilstrekkeleg med vatn blir frigjort til HO.*

Hordaland fylkeskommune, ved arkeolog, har vore på synfaring 6. februar 2013, og har fått klarlagt fleire spørsmål med omsyn til kulturminne. Vi vil be om å ta særlege omsyn til kulturlandskapet i den vidare planlegginga og at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert gjennomført i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka funn med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette disposisjonsmynde.

Det er positivt at tiltakshavar har kontakta sektorstyremakt innan kulturminnevern tidleg i prosessen, men Hordaland fylkeskommune saknar ei fagleg utgreiing av kulturminneinteressene og konsekvensen tiltak vil ha på dei. Det er vanskeleg å ta stilling til alle sider av saka ettersom kulturminneinteresser ikkje er tilstrekkelig utgreidd. Alternativ løysing ved å plassere kraftstasjonen høgare opp i vassdraget for å sikre kulturmiljøet ved Herand på ein betre måte bør utgreiast.

b. Grimeelvi

Ut i frå arkiv og kart ser området ut til å ha lite potensial for kulturminne. Planlagt tiltak er ikkje i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne. Det er ingen kjende verneverdige kulturminne som vert direkte råka av planane. Plassering av deponiområde for massane frå borehull i alternativ 2 er ikkje skildra.

Hordaland fylkeskommune vil ikkje krevje arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta i § 9 i Kulturminneloven, men tek atterhald om å undersøkje eventuelt deponiområde i alternativ 2 som ikkje er skildra i søknaden. Dersom det kjem fram eventuelle funn eller konstruksjonar ved gjennomføring av tiltaket som kan vera automatisk freda, må arbeidet stansast og kulturminnevernet få melding om dette, for ei nærare gransking av staden jf. Kulturminneloven § 8, 2. ledd.

Landskap

I Fylkesdelplanen er området definert som fjordlandskap av stor verdi. Retningslinene slår dimed fast at ein skal vere restriktiv med tiltak som reduserer inntrykket frå vassvegar som er synlege i landskapet og synlege terrenginngrep.



Landskap av stor verdi. Omtrentleg plassering av tiltak markert med blått.

R3 Fjordlandskap

2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal leggje vekt på at terrenginngrep, vegar, rørgater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Bygdefolket har gjennom mange år arbeidd for å ta vare på og gjere tilgjengeleg landskapet og kulturminna i Herand. Bygda er i dag ein etablert landskapspark støtta av Fylkesmannen der natur- og kulturlandskapet skal utviklast på ein berekraftig måte. Arbeidet med landskapet i bygda har fått nasjonal og europeisk merksemd.

Elva i Herand har vore utgangspunkt for aktivitet i lang tid og mykje av bygda er sentrert kring den nedre del av elva, frå Herandsvatnet til fjorden. I fylkesdelplanen er denne delen av elva avmerka som elvestryk i kjeldekart for reiseliv. Det er difor viktig at utbyggingane tek omsyn både til det store fjordlandskapet, men også det nære landskapet langs elva i bygda. For Sæverhagen kraftverk vil redusert vassføring påverke det nære landskapet negativt i ei bygd der landskapet er ein viktig del av verdien for reiseliv. For Grimeelvi er konflikt med landskap knytt til røyrtrase og midlertidig anleggsveg som vil danne eit spor i landskapet som vil vere synleg i det overordna fjordlandskapet. Her vil eit tunnelalternativ vere å føretrekke, gjeve at massane kan nyttast eller deponerast utan konflikt.

Ingen av utbyggingane er dimed i konflikt med retningsline 3, men det bør stillast relevante og strenge krav til utforming og gjennomføring av tiltak for både kraftverk for å oppretthalde landskapsverdiane. Dersom det er naudsynt bør ein landskapsarkitekt ta del i utforming av detaljplanane for dei to kraftverka.

Biologisk mangfald

R5 Biologisk mangfald

3. For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.

Det er truleg fossefall i elva og retningslinene slår dimed fast at avbøtande tiltak må gjennomførast for å sikre desse hekkeplassane. Rapport om biologisk mangfald rår til utplassering av fleire reirkassar for fossefall og å oppretthalde og om mogleg utvide kantskogen langs elvestrengen. Søkjarane til Sæverhagen kraftverk foreslår å etablere ein tursti langs elvekanten som del av prosjektet. Dette bør ikkje komme i konflikt med kantskogen langs elva, som er viktig for å oppretthalde det biologiske mangfaldet.

Planane for Grimeelvi kraftverk vil krevje hogst av gråor-skog der den truga arten skorpefiltlav lev. Tiltakshavar bør endre detaljplanane slik at det ikkje vert behov for å hogge den aktuelle gråor-lokaliteten.

I følgje rapport om biologisk mangfald er det tidlegare registrert ål i elva nedanfor Herandsvatnet. Kraftstasjon og inntak i Sæverhagen kraftverk bør difor utformast slik at dei ikkje er til hinder for ål som vandrar inn eller ut av vassdraget.


Friluftsliv

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Fylkesmannen utarbeidd ei kartlegging og verdisetting av regionale friluftsområde i Hordaland. Her er det registrert eit friluftsområde «Herand» med verdi C - *Område der delar kan omdisponerast eller fortettast etter grundige vurderingar av rekreasjonsverdiane*. Prosjektområdet til Grimeelvi kraftverk er delvis overlappende med friluftsområdet. Konsekvensane av utbygginga på friluftslivverdiane må difor tilleggast særleg vekt.

Friluftsområdet Herand er eit stort turområde som er karakterisert ved å ha svært høg opplevingsverdi, få inngrep og høgt potensial for bruk. I følgje konsekvensvurderinga vil utbygginga av Grimeelvi komme i konflikt med ein tursti som krysser elva ved det planlagde inntaket. Vidare vil det vere støy i anleggsperioden og store sår i landskapet etter etableringa av røyrgate. Då utfordringane ved Grimeelvi er sår etter røyrgate/anleggsveg og ikkje redusert vassføring, vil den alternative utbyggingsløyisinga med vassgate i tunnel vere ei god løysing.

B. Krossdalen

Det ligg føre fem småkraftsøknader frå området ovanfor tettstaden Jondal, der tre er i Krossdalen. Blåfall AS har avtale med grunneigarane om leige av fallrettar for tre småkraftverk i Krossdalen: Vassendelva, Krossdalselvi og Brattabøelvi kraftverk. Dersom prosjekta får konsesjon vert det starta eigne selskap som får tilført naudsynt eigenkapital frå Blåfall og låner resten. Etter leigeperioden vil prosjektet overførast til rettshavarane.



Plassering av planlagde utbyggingar i Jondals-området. Omtrentleg plassering av planlagde kraftverk markert i blått. Vassendelva, Krossdalselvi og Brattabøelvi kraftverk er planlagde i Krossdalen. Tveddal og Breisete kraftverk er planlagde i Stølsdalselva.

B.1. Områdeomtale

Prosjektområda til Krossdalselvi, Vassendelva og Brattabøelvi kraftverk ligg i Krossdalen ved Jondal i Jondal kommune. Elvene er del av Jondalsvassdraget. I Krossdalen er det fleire gardar med dyrka mark og det går veg til Folgefonna Sommerskisenter gjennom dalen. Vassdraget er i dag nytta til fleire kraftverk i tillegg til overføring av vatn til kraftverk i nabovassdrag. Kring Vassendvatnet er der nokre hytter og vatnet er i dag nytta som reguleringsmagasin for Eidefossen kraftverk AS. Reguleringa er på 1 m (50 cm mai-juli og 10 cm juli-august).

B.2. Prosjekta

Presentasjon av prosjekt og konsekvensar slik dei er presenterte i søknaden og tilhøyrande rapportar.

a. Brattabøelvi

Tiltakshavar har søkt om utbygging av Brattabøelvi som inkluderer overføring av vatn frå ein nærliggande bekk i Bordmyrdalen. Inntak og dam på 20 meter bredde og 2-3 meter høgde vert etablert på kote 605 i Brattabøelvi der ein tursti kryssar elva. Vatnet vil gå 2,5 km i nedgraven røyrgate til kraftstasjon ved kote 340. Fallhøgda totalt er 265 meter. Røyrgate vil i anleggsfasen vere 20 brei og det vil vere anleggsveg langs traseen. Her er i utgangspunktet lite skog og røyrgate og anleggsveg vil revegeterast. Overføringa av bekken frå Bordmyrdalen vil gå i røyr 300 meter frå eit lite inntak i bekken til tilkopling til røyrgate på kote 540. Kraftstasjonen vert kopla til lokalt nett med 200 m nedgraven kabel. Planlagd installert effekt i kraftverket er 4,6 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 12,4 GWh, der 5,3 er vinterproduksjon. Utbyggingskostnad er estimert til 38 mill.kr, utbyggingsprisen er 3,1 kr/kWh.

Det er foreslått slepp av minstevassføring tilsvarande 5-persentil: 230 l/s frå mai til og med september og 20 l/s elles i året.

Landskap

Tiltaket er vurdert å gi moderate verknader på landskapet og vil ikkje føre til reduksjon av INON-område. Landskapsverdiane i området er knytt til det overordna fjordlandskapet, der prosjektområdet knapt er synleg. I det vassdragsnære landskapet er elva meir synleg, og konsekvensane av lågare vassføring og røyrgate får middels negativ innverknad, men dette landskapet er vurdert å vere typisk for regionen og ha mindre verdi. Den totale konsekvensvurderinga er dimes sett til *liten til middels negativ innverknad* for landskap.

Biologisk mangfald

Samla verdi for biologisk mangfald i prosjektområdet er vurder til liten, lokal verdi. Det er ikkje funne raudlista artar eller verdifulle naturtypar, og potensialet for å finne nye er vurdert å vere lite.

Konsekvensen av utbygginga på tema biologisk mangfald er vurdert til *liten negativ effekt*. Det er ein bestand småfallen aure i elva, men denne er ikkje utnytta til fiske.

Samfunn og andre brukarinteresser

Øvre Krossdalen er nytta som innfartsåre til viktige friluftsområde på og ved Folgefonna. Den gamle pilegrimsvegen til Sørfjorden har sitt utgangspunkt i Øvre Krossdalen der det vert arrangert årlege turar. Område i nærleiken er nytta av lokalt friluftsliv og eksterne friluftsjaktørar. Verdien av området for friluftslivsinteresser er sett til middels grunna området sin funksjon som viktig innfartsåre og startpunkt. Då elva er lite synleg i ein del av landskapet, men spelar ei rolle i mindre landskapsrom i øvre deler av tiltaksområdet er verknaden av tiltaket vurdert til *liten til middels negativ konsekvens for friluftsliv og ferdsel*.

Kulturminne og kulturmiljø

Brattebøelvi kraftverk er ikkje i konflikt med kjende freda kulturminne. Konsekvensvurderinga viser til at det er kjent tre freda steinbrot og fem funnstader kor førhistoriske gjenstandar vart funne i influensområdet. Desse funna viser at det er eit potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området.

Konsekvensvurderinga skildrar kulturminneverdiane og konsekvensane på ein overflatisk måte. Det manglar ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne. Konsekvensvurderinga refererer til kverner langs elva, men desse er ikkje kartfesta eller skildra og det er ikkje kjend om desse er i konflikt med planane eller vert negativ påverka av lågare vassføring. Konsekvensvurderinga viser vidare til ein gamal ferdselsveg eller pilegrimsveg i Krossdalen. Heller ikkje denne er kartfesta eller skildra og det er uvist om denne er i konflikt med planane for kraftverket eller vert negativ påverka av lågare vassføring.

Før Hordaland fylkeskommune tek stilling til søknaden bør tiltakshavar vise kva konsekvensar tiltaket vil ha på kulturminne langs elva og den gamle ferdselsvegen gjennom Krossdalen.

b. Vassendelva

Vassendelva kraftverk vil nytte eit fall på 274 meter frå utløpet av Vassendvatnet ned til kraftstasjon der elva møter Krossdalselvi. Tiltakshavar har også søkt om utbygging av Krossdalselvi, og vil byggje ein felles kraftstasjon dersom både prosjekta får konsesjon. Røyrkata vil vere om lag 2,5 km og nedgraven. Det vil krevje ein del hogst i eit 20 m breitt belte. I driftsfasen vil traseen vere 5 m brei. Traseen vil delvis følgje, delvis krysse den etablerte skogsbilvegen. Noko midlertidig veg vil byggjast og ein permanent veg på 50 m inn til kraftstasjonen. Kraftstasjonen vert kopla til lokalt nett med 400 m nedgraven jordkabel i same grøft som røyrkata. Det kan vere aktuelt å byggje ei ny 22 kV linje for å mate inn ny produksjon i Krossdalen. Kostnadane for denne vil fordelast på kraftverka i dalen. Vassendvatnet har fram til i år vore magasin for Eidsfossen kraftverk, nedstraums Vassendelva. Eksisterande dam vil oppretthaldast som magasin og takast over av Vassendelva kraftverk med dei same reguleringsgrensene som tidlegare. Det er i dag ikkje krav om minstevassføring. Planlagd installert effekt i kraftverket er 1,71 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 6,8 GWh. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 50 l/s i sommarsesongen. Utbyggingskostnad er estimert til 23 mill.kr, utbyggingsprisen er 3,60 kr/kWh, eventuelt 3,30 kr/kWh om kraftstasjonen vert felles med Krossdalselvi kraftverk.

Det er foreslått slepp av minstevassføring på 50 l/s i sommarsesongen.

Landskap

Vassendvatnet er eit viktig landskapselement og ei eventuell reguleringssone vil vere skjemmande. Nedre del av elva har ein foss og er eit viktig landskapselement ved høg vassføring, men er om sommaren prega av låg vassføring. Tiltaket vil gi redusert, men jamnare vassføring i elva og tidvis senka vasstand i Vassendvatnet. Tiltakshavar prioriterer å oppretthalde vasstanden i vatnet framfor minstevassføring, fordi det er eit viktig turområde. Røyrkatetraseen som er 5 m brei i driftsfasen vil vere synleg frå nedre del av Krossdalen og for dei som brukar vegen opp til Vassenden. Konsekvensen er vurdert å vere *liten til middels negativ*.

Biologisk mangfald

Elva er allereie under regulering, med tidvis låg eller ingen vassføring. Ved minstevassføring om sommaren vil det kunne gi noko betre tilhøve for vasskrevjande vegetasjon og botndyr. Men ettersom det ikkje er planlagt vassføring vinterstid vil det truleg ikkje påverke levetilhøva for fisk. Konsekvensen er vurdert til å vere *liten negativ*. Elva har liten verdi for fisk. Det står småfallen aure i nedste del av elva som det blir fiska litt på. Utbygginga vil kunne påverke den vesle aurestammen øvst i elva negativt.

Samfunn og andre brukarinteresser

Vassendvatnet og området rundt er eit populært turområde, og senking av vasstanden i Vassendvatnet vil kunne vere skjemmande og gjere ferdsel med båt vanskeleg. Det er ein del fritidsbustader kring vatnet. Det er fleire overnattingsstader i Øvre og Nedre deler av Krossdalen. Når det er slepp av vatn frå Vassendelva i dag har det gjeve eit flott inntrykk. Dette vil forsvinne ved utbygging. Konsekvensen er vurdert til å vere *liten negativ*.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er kjend fleire freda og verdifulle kulturminne i influensområdet. Ei utbygging vil ikkje komma i direkte konflikt med freda kulturminne. Riggområdet ved parkeringsplassen ved Vassendelva vart tilpassa slik at det ikkje var i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, eit forhistorisk klebersteinsbrot, id 112001.

c. Krossdalselvi

Tiltaket vil ha inntaket ovafor Lauvbrufossen, der fylkesvegen kryssar elva, og nytte eit fall på totalt 154 m ned til kraftstasjon der Krossdalselvi møter Vassendelva. Ved inntaket vert det bygd ein dam på 30 meter lengde og 4 meter bredde. Derifrå går vatnet først 160 meter i bora sjakt, så 1 km i sprengt tunnel og til slutt 600 meter i røyrgate langs Krossdalelvi til kraftstasjon. Røyrkata vil krevje ein del hogst i eit 20 m breitt belte. I driftsfasen vil traseen vere 5 m brei. Tunnelarbeidet vil gi massar som er planlagt deponert ved Molve i nedre Krossdalen. Det vil vere behov for å byggje noko veg til kraftstasjon og tunnelpåhogg, desse vil vere permanente. Kraftstasjonen vert kopla til lokalt nett med 400 m kabel som går delvis i eksisterande luftlinje og delvis er nedgraven langs planlagd tilkomstveg.

Planlagt installert effekt i kraftverket er 4,93 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 19,8 GWh, der 11,6 er sommarproduksjon. Tiltakshavar har også søkt om utbygging av Vassendelva, og vil byggje ein felles kraftstasjon dersom både prosjekta får konsesjon. Ved felles kraftstasjon vil utbyggingsområdet verte 175 m lenger nede i elva enn for hovudalternativet. Utbyggingskostnad er estimert til 51,6 mill.kr, utbyggingsprisen er 2,60 kr/kWh, eventuelt 2,62 kr/kWh om kraftstasjonen vert felles med Vassendelva kraftverk.

Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 350 l/s frå mai til og med september og 70 l/s elles i året.

Landskap

Elva går for det meste av berørt strekning i eit gjel og er lite synleg, med unntak av området ved kraftstasjon og ved dam og inntak der fylkesvegen kryssar elva i ei bru ved Lauvbrufossen. Fossen vil framleis vere synleg men med redusert vassføring. Det er fleire jettegryter i elva, fråføring av vatn er negativt for opplevinga av desse. Redusert vassføring vil ha negativ innverknad for opplevinga ved ferdsel langs elva. Landskapet er vurdert å ha middels til stor verdi, som gjev *liten til middels negativ* konsekvens av tiltaket på landskapsverdien.

Biologisk mangfald

Langs elva er det registrert ask, som er nær truga. Utover dette er det ikkje registrert raudlista artar innafor influensområdet. I tillegg fins dei lokalt verdifulle naturtypene bekkekløft og grå-or-heggeskog i influensområdet. Redusert vassføring vil påverke desse naturtypene med tilhøyrande artar negativt, men omfanget er ikkje stort. Av vasstilknytt fugl er det påvist hekkande fossefall og truleg strandsnipe og vintererle. Redusert vassføring vil kunne få konsekvensar for desse fuglane. Konsekvens av utbygginga er vurdert til *liten til middels negativ*.

Fisk

Det er ein bestand stasjonær aure i elva som vil påverkast negativt av redusert vassføring, særleg grunna innverknad på allereie få tilgjengelege gyteplassar. Med føreslegen minstevassføringa er det venta at ein vil kunne oppretthalde ein brukbar bestand. Konsekvens av utbygginga er vurdert til *middels negativ*.

Samfunn og andre brukarinteresser

Det foregår noko stongfiske i elva, som vil påverkast negativt av ein mindre aurebestand. Området er ei populær innfartsåre til tuområda i og kring Folgefonna. Då elva er lite synleg er konsekvensane for friluftsliv vurdert å vere små. Konsekvensane av utbygginga for reiseliv er vurdert til ubetydelege, då tiltaka vil vere lite synlege.

Kulturminne og kulturmiljø

Krossdalselvi kraftverk er ikkje i konflikt med kjende freda kulturminne. Dei mange funna i Krossdalen vitnar om stor tidsdjupne i eit velhalde kulturlandskap. To kvernhus ved elva i området Drebrekke vert indirekte råka av planen på grunn av redusert vassføring. Desse er ikkje kartfesta, men det er lagt fram foto av dei. Eit av dei er restaurert med økonomisk støtte frå Hordaland fylkeskommune. Omfang av utbygginga er vurdert som *lite til middels negativ* for tema kulturminne og kulturmiljø.

Avbøtande tiltak med ei minstevassføring er foreslått. Dette vil òg verke avbøtande på kvernhusmiljø og sikre vatn i elva forbi kvernhusa.

B.3.

Vurdering og tilråding

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har vurdert sakene som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

a. Brattabøelvi

Det er eit visst potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

b. Vassendelva

Det er ikkje gjort vurdering av potensial for å finne hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området, jfr. regionale retningslinjer R11 punkt 7. Det er eit vist potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljplan med alle planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til oss som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Det er registrert freda kulturminne tett inntil vegen til Vassendvatnet. Det går ikkje fram av søknaden om vegen til området vert forbetra eller forsterka. Dersom dette er aktuelt, må desse planane vurderast i høve til kulturminneloven.

Når det gjeld riggområdet ved parkeringsplassen, som er nær det freda kulturminne id 11200, er framlagt plan for grovmaska til at vi kan vurdere om tiltaket er for nær det freda kulturminnet. Vi ber om at konsesjonsvilkåra sikrar at detaljplan for riggområdet ikkje går ut over arealet som alt er teke i bruk til parkeringsplassen og at detaljplan for tiltaket vert send til oss slik at vi kan vurdere om det er naudsynt å sende saka til Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminneloven. I tillegg ber vi om at konsesjonsvilkåra sikrar at det freda kulturminnet vert avmerka under anleggsarbeidet for å unngå skade.



Lyseblå-omtrentleg plassering av tiltak i søknaden, Rødt – freda kulturminne med 5 meters sikringssone

c. Krossdalselvi

Konsekvensvurderinga er tilfredstillande når det gjeld kulturminnetema. Det er positivt at personar lokalt er kontakta om kulturminne i området og at det er referert til kommunedelplan for kulturminne

for Jondal kommune. Det er òg gjennomført ei synfaring av området for å vurdere kulturminnetema. Konsekvensutgreiinga manglar ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne.

Det er eit visst potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingssplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Det er positivt at det er foreslått ei minstevassføring. Dette vil virke avbøtande på kvernhusmiljø ved Drebrekke. NVE bør vurdere å auke foreslått minstevassføring for å sikre enda meir vatn i elva.

Landskap

Utbyggingane er ikkje del av fjordlandskapet og konfliktane med landskapsverdiar er heller i det nære landskapet. Krossdalen er eit levande kulturlandskap med vegar, gardshus og skogsvegar og vil vere robust for endringar. På same tid går vegen inn til dei store tuområda i og kring Folgefonna gjennom dalen slik at landskapsverdiane er særleg viktige å ta vare på. Utbyggingane langs vegen må difor vere så skånsame som mogleg og synlege fossar og elvestrekk bør i minst mogleg grad fråførast. I fylkesdelplanen er Brattebøelvi og Krossdalselvi skildra som markerte landskapselement i Krossdalen. Vassendvatnet er langgrunt og nedtapping av vatnet gjev ei relativt stor og skjemmaende reguleringssone. Utover nokre hytter er det lite inngrep kring Vassendvatnet i dag. Reguleringa gjev eit stort inngrep i landskapsverdiane i området. Ved utbygging av alle tre søkte kraftverk vil storparten av vatnet fråførast i store delar av dei sentrale elvene som vegar og busetnad er bygd kring i Krossdalen. Vi rår difor til høgare minstevassføring i alle tre prosjekt og å ta ut regulering av Vassendvatnet frå prosjektet.

Biologisk mangfald

Det er gjort fleire registreringar av strandsnipe og hekkande fossefall ved både Stølsdalselvi og Krossdalselvi med sideelver. Desse fuglane er avhengige av rennande vatn for å finne næring og hekke. Konsekvensane for fuglane ved kvar einskild utbygging er ikkje veldig stor, då dei kan erstatte ein hekkeplass med ein annan lenger oppe eller nede i vassdraget. I Jondal er mykje av vassdraget allereie bygd ut og med summen av kraftsøknadane som no er på høyring vil det vere få alternative hekkeplassar og gjere det vanskeleg for fuglane å skaffe mat vinterstid. Vi rår til auka minstevassføring for å oppretthalde levetilhøva for fossefall og anna vasstilknytt fugl i Krossdalselvi og Brattebøelvi.


Ved planlagd kraftstasjon for Vassendelva og Krossdalselvi kraftverk står ei eik som er klassifisert som naturtypen store gamle trær. Treet er lokalt viktig. Ved plassering av kraftstasjon og riggplass er det viktig å skjerme eika.

Fisk

I prosjektområdet til Krossdalselvi er det ein stasjonær aurestamme av god kvalitet det er fiska på. Utover dette er det ingen av elvestrekka som har særleg verdi for fisk eller fiskeinteresser.

Friluftsliv og reiseliv

Jondal har ei satsing på fjellvandring som del av turismen i kommunen og har over fleire år vore del av Innovasjon Norge sitt prosjekt der stadar utviklar tilbodet for å tiltrekkje seg akkurat dette turistsegmentet. Til dømes er det sett i gang merking av turstiar og utvikla GPS-kart til utlån, og lokale turoperatørar tilbyr fjellturar. Friluftsliv er difor viktig for kommunen utover lokal bruk av områda.



Regionale friluftsområde i Jondal. Sommarskisenteret (raudt) er verddivurdert A, *Svært viktig*. Herand, Breidsete og Gråfjell-Håsettkolla (grått) er verddivurdert C, *Registrert*. Omtrentleg plassering av planlagde kraftverk markert i blått.

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Fylkesmannen utarbeidd ei kartlegging og verdisetting av regionale friluftsområde i Hordaland. Her er det registrert eit friluftsområde «Herand» med verdi C - *Område der delar kan omdisponerast eller fortettast etter grundige vurderingar av rekreasjonsverdiene*. Delar av prosjektområdet til Vassendelva ligg innafør dette friluftsområdet.

Det er merka ei pilegrimsrute frå Jondal til Røldal, med utgangspunkt i Krossdalen. Ruta gjennom Krossdalen til sommarskisenteret er ein viktig inngangsport til Folgefonna og til område vurdert til svært viktige friluftsområde. Det ligg fleire overnattingsplassar i Krossdalen.

Vassendvatnet er eit veldig populært friluftsområde og det er fleire hytter rundt vatnet. Utbygginga vil gi redusert, men meir stabil vassføring i elvestrengen sommarstid, enn kva situasjonen har vore med regulering fram til i dag, der magasinet har vorte tappa ned ved behov. I periodar når vatnet er nedtappa vil det vere vanskelegare å bruke båt. Reguleringa som har vore fram til no har vore upopulær hos hytteeigarar og andre brukarar av området kring vatnet grunna dei store skjemmande områda i vasskanten som kjem fram ved nedtapping. I tillegg er området mykje brukt som utgangspunkt for turar heile året og nedtapping av vatnet vinterstid gjer det utrygt å ferdast her når det ligg snø.

Samfunn

Dei tre prosjekta har alle planlagde kraftstasjonar tett inn på busetnad. Det er mykje støy frå anleggsarbeid og drift av kraftstasjon. Det er difor viktig å finne gode tiltak for å minimere støyen.

C. Stølsdalselva

To av dei fem småkraftsøknadene frå området ovanfor tettstaden Jondal, ligg i Stølsdalselva. Kraftkarane AS har søknad om utbygging av Tveddal og Breisete kraftverk i Stølsdalen. Søknadane i

Stølsdalen har utgangspunkt i ein avtale mellom fallrettshavarane og Kraftkarane AS frå 2005 om utbygging av tre kraftverk i Stølsdalselva. Det første kraftverket, som ligg nedst i elva, kom i drift i 2009. Det vert stifta aksjeselskap til kvart av kraftverka, dersom det vert gjeve konsesjon. Aksjene vert fordelt 60 prosent på fallrettshavarane og 40 prosent på utbyggarar/investorar som er Kraftkarane AS, Barskor Invest AS og Blåfall Energi AS.

C.1. Områdeomtale

Tveddal og Breisete kraftverk vil liggje i Stølsdalselva, som renn ut i Jondalselva ved Byrkjeland. Det går privat veg oppover elva frå Byrkjeland til ei hyttegrend på Breisete der kraftstasjon for Breisete og inntak for Tveddal er planlagd. Dette er attraktive område med intakte gamle bygg, tun og vegar. Øvre del av området er eit attraktivt friluftsområde med merka stiar. Ei kraftlinje kryssar området ved hyttegrenda.

C.2. Prosjekta

Presentasjon av prosjekt og konsekvensar slik dei er presenterte i søknaden og tilhøyrande rapportar.

a. Breisete

Tiltakshavar har søkt om utbygging av Nipevannselva, ei sideelv til Stølsdalselva, som renn inn i Stølsdalselva ved Breisete. Dam med inntak er planlagd ved utløpet av Nipevann på kote 612. I anleggsfasen vil det vere behov for senking av vatnet med 1 til 2 meter. I driftsfasen er det søkt om regulering med ein halv meter senking. Vatnet vil gå 1,1 km i nedgraven røyrgate langs høgspenlinje og nær elva. Røyrkata vert 20 meter brei i anleggsfasen, 5 meter brei i driftsfasen. Kraftstasjonen vert etablert like ovanfor der dei to elvene møtes, ved hyttegrenda på Breisete. Det er ikkje veg til Nipevatn i dag og utbygginga vil krevje 250 meter ny veg til stasjonen og 1,1 km permanent traktorveg til inntaket, langs røyrtraseen. Breisete kraftverk vert kopla til nettet via Stølsdalselva kraftverk der det er tilrettelagt for ny tilknytting. Koblinga vil gå i nedgraven kabel i røyrkata til Tveddalselva kraftverk. Det vil vere behov for forsterkingar av nettet i Jondal for den nye planlagde produksjonen. Breisete kraftverk sine kostnader i ei slik forsterking er teke med i kostnadsoverslaget. Planlagd installert effekt i kraftverket er 2,9 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 8,9 GWh, der 5,6 GWh er produsert om sommaren. Utbyggingskostnad er estimert til 26,6 mill.kr, utbyggingsprisen er då 3,0 kr/kWh.

Det er foreslått slepp av minstevassføring om lag på nivå med 5-persentilane: 280 l/s frå mai til og med september og 30 l/s elles i året.

Biologisk mangfald

Området er vurdert å ha liten, lokal verdi for biologisk mangfald. Det er ikkje registrert viktige naturtyper i området. Vassfulgar er ikkje kartlagt, men nyttar truleg elva. Vatnet som er planlagt regulert er ikkje undersøkt. Det er truleg bekkeare på elvestrekket, men dette er ikkje undersøkt. Under anleggsarbeidet vil elva tilslammast, men det er ikkje venta å skape problem for fisken i særleg grad. I driftsfasen vil fisken kunne vandre nedover i periodar med flaum. Effekten av utbygginga er venta å vere middels stor, men då verdien av området er vurdert til liten, lokal vert den totale konsekvensen av utbygginga vurdert til *liten negativ konsekvens*.

Samfunn og andre brukarinteresser

Området er nytta til beiting og vedproduksjon. Kommunen har vassinntak i Stølsdalselva. Det må etablerast varslingsrutinar og ev. alternative vasskjelder for å hindre slamming av drikkevatn i anleggsfasen. Turstiane innafor er nytta av hytteeigarar og fotturistar. I anleggsperioden vert det lagt til rette for personar som ønskjer å nytte områda innafor til fots. Tiltakshavaren ønskjer å finne ei løysing for å redusere problemet med støy frå kraftstasjonen.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen konsekvensutgreiing av kulturminneinteresser. Søknaden seier at ingen kjente kulturminne vert råka av tiltaket. Det er viktig å merkje seg at det er tiltakshavar som har ansvar for å greie ut kulturminneinteressene. Hordaland fylkeskommune er høyringspart i saka og skal vurdere om kulturminneinteressene er tilstrekkeleg utgreidd og om og når det er naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminneloven.

b. Tveddal

Tiltakshavar har søkt om utbygging av Stølsdalselva. Dam med inntak er planlagt nedafor hyttegrenda Breisete der gangbrua kryssar elva. Vatnet vil gå i nedgraven røyrgate langs veg og høgspentlinje i øvste del og nær elva i nedste del mot kraftstasjon. Røyrgate vil vere 1,7 km, alternativt 1,35 km i alt. B, og 6-8 meter brei. Kraftstasjonen vert etablert på eit slette 260 (alt.1) eller 410 (alt. 2) meter bortanfor det næraste bygget i kulturmarksområdet ved Tveddal, 300 meter oppstraums inntaket til Stølsdalselva kraftverk. Det er veg til Breisete hyttegrend, men det vil vere behov for utbetre delar av den til anleggsarbeidet. Tveddal kraftverk vert kopla til nettet via Stølsdalselva kraftverk der det er tilrettelagt for ny tilknytting. Koblinga vil gå i 2 km nedgraven kabel i røyrgate til Tveddalselva kraftverk. Det vil vere behov for forsterkingar av nettet i Jondal for den nye planlagde produksjonen. Tveddal kraftverk sine kostnader i ei slik forsterking er teke med i kostnadsoverslaget. Planlagt installert effekt i kraftverket er 5,5 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 17,1 GWh for hovudalternativet og 15,6 GWh for alternativ B. Utbyggingskostnad er estimert til 43,5 mill.kr eller 41 mill. kr for alternativ B, utbyggingsprisen er då høvesvis 2,5 kr/kWh eller 2,6 kr/kWh.

Det er foreslått slepp av minstevassføring på 400 l/s frå mai til og med september og 60 l/s elles i året.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen konsekvensvurdering av kulturminneinteresser. Søknaden seier at ingen kjente kulturminne vert råka av tiltaket. Søknaden seier at kraftstasjonen vert liggjande nær Tveddal stølsområde med interessant kulturlandskap.

Andre tema – sjå «Breisete»

3.3 Vurdering og tilråding

Kunnskapsgrunnlag

Naturmangfaldlova §8 slår fast at «Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandsituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.» I søknader om utbygging av småkraftverk er søkjaren pålagt å få utarbeidd ein fagleg rapport om konsekvensar for biologisk mangfald. I tillegg skal søknaden presentere informasjon om og gjere vurdering av korleis utbygginga vil påverke ulike allmenne interesser, t.d. landskap og friluftsliv, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlisteartar, fisk, brukarinteresser og reindrift.

Vi ser at kvaliteten på konsulentrapportane om biologisk mangfald og innhaldet i konsesjonssøknadane varierer veldig. I somme av prosjektområda der det tidlegare har vore utbyggingar eller som er mykje brukte område, vil det eksistere ein del kunnskap allereie. Medan i andre område er det ikkje gjort undersøkingar tidlegare, og kunnskapsgrunnlaget for styresmaktene kan vere magert. Det er difor viktig at søkjaren sørgjer for at det vert gjennomført kartleggingar for å sikre eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å vurdere konsekvensane av tiltaka. Vidare er det viktig at NVE sikrar at alle søknader og rapportar om biologisk mangfald tilfredstiller krava NVE har sett. For å sikre alle søkjarane er rettferdig handsaming må krava til informasjon og vurdering vere dei same, slik at ikkje søkjarar som presenterer lite informasjon om potensielle konfliktområder med almenne interesser har større sjanse til å få konsesjon enn ein søkjar med eit prosjekt med same konfliktnivå, men som presenterer grundigare analyser og gjev meir informasjon.

Søknadene om Breisete og Tveddal kraftverk i Jondal kommune manglar informasjon og vurdering av temaa landskap, friluftsliv og kulturminne. Dei medfølgjande rapportane om biologisk mangfald manglar kartlegging av sentrale tema som fugl og fisk. Opplysingane om naturtypeområdet som er registrert på Tveddal i Naturbasen av typen naturbeitemark er ikkje tilstrekkeleg vurdert. Vidare er ikkje det planlagt regulerte Nipevatnet inkludert i området som er undersøkt. Desse to søknadene oppfyller etter vårt syn ikkje §8. I handsaming av desse søknadane følgjer det dimed frå § 9 om å leggje til grunn eit prinsipp om «føre-var» i saker der konsekvensane er usikre.


Kulturminne og kulturmiljø

Vi har vurdert sakene som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Dersom det er gitt fagleg tilråding om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser og dette ikkje vert følgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka (jf. forskrift til Kulturminneloven kap. 1, §3).

a. Breisete

Planlagd veg til kraftstasjon og jordkabel er i direkte konflikt med kjende freda kulturminne. Askeladden id 112510, 112511, 112512, 112513 som alle er gravrøyser, medan id 112509 er ei tuft som er datert til rundt kristi fødsel. Breisete er også ein gammal øydegard og del av eit større stølsmiljø og dei forhistoriske funna viser at området har stor tidsdjupn.

Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til vegframføring og jordkabel som er i direkte konflikt med freda kulturminne. Tiltakshavar må finne alternative løysingar for veg og jordkabel som unngår konflikt med freda kulturminne.



Lyseblå linje viser omtrentleg plassering av planlagt tiltak. Rosa sirkclar med kvit nummer viser freda kulturminne.

b. Tveddal

Planlagd kraftstasjon vert liggjande nær Tveddal stølsmiljø og kulturlandskap. Tveddal er eit gammalt stølsmiljø og dei forhistoriske funna viser at området har stor tidsdjupn. Stølsmiljøa på Tveddal og Freddal er spesielle og er ein av 14 kulturlandskapsområde i Hordaland som vart vurdert som verdifulle i samband med registreringa av verdifulle kulturlandskap mellom 1991 og 1994. Desse er og omtalt i kulturminneplan for Jondal. Det er ikkje gjort greie for konsekvensane tiltaka vil ha på stølsmiljøet på Tveddal. Det er heller ikkje foreslått avbøtande tiltak som vil minske negativ verknad. Det går ikkje fram av søknaden om planlagd kraftstasjon vert synleg frå Tveddal stølsmiljø.


Nedanfor er eit kart med kjende freda kulturminne nær planlagde tiltak. Eit slikt kart med skildring av desse kulturminna og andre verdifulle kulturminne i området bør ligge ved søknaden.

21

Landskap

Utbyggingane er ikkje del av fjordlandskapet, men det er konflikstar med landskapsverdiar i det nære landskapet. Denne sidedalen har eit urørt preg og elva er eit framtrédande og sentralt landskapselement. Frå stølsområdet på Breidsete går det i dag ikkje veg vidare. Planane for Breiset kraftverk inneheld ein permanent veg frå hytteområdet opp til Nipevatn. Saman med redusert vassføring i elva vil vegen utgjere eit stort, negativt inngrep i landskapet.

Her er også to stølsområde med kringliggjande vegetasjon som er viktige kulturlandskapsområde (sjå illustrasjon). Dei to områda er vurdert til svært interessante med tanke på kulturhistorie og biologisk mangfold. Alternativ 1 for Tveddal kraftverk vil plassere kraftstasjonen midt i Tveddal kulturlandskapsområde. Den alternative plasseringa vil liggje i utkanten av området. Det allereie eksisterande Stølsdalselvi kraftverk har inntak like nedanfor kulturmarksområdet Tveddal. Ytterlegare inngrep i landskapet kring Tveddal vil difor forringe verdien av området.



Viktige kulturmarksområde ved Stølsdalselva (markert gult). Omtrentleg plassering av tiltak markert med blått.

Biologisk mangfald


Rapportane for biologisk mangfald er mangelfulle og dannar ikkje eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av utbyggingane for biologisk mangfald. Dette er ein dal med få tidligare registreringar i tilgjengelege databasar for naturtypar og artar. Det er truleg hekkande fossefall og strandsnipe i vassdraget. Konsekvensen av utbyggingane for desse fuglane er ikkje vurdert å vere stor fordi dei vil ha sine naturlege leveområde ovafor og nedafor regulert strekning. Med tanke på at Stølsdalselva allereie er bygd ut nedstraums planlagde Tveddal kraftverk vil dei to søkte kraftverka fjerne det meste av leveområda for fuglane i Stølsdalselva. Den totale konsekvensen må difor vurderast som stor.

Det er registrert ei naturbeitemark på stølsområdet Tveddal, dette er referert til i rapport om biologisk mangfald. Naturtypen er vurdert å vere av lokal verdi. Konsekvensen av utbygginga på naturtypen er

Biologisk mangfald

Av naturtyper etter DN-håndbok 13 er det registrert to fossesprøytsonar av lokal verdi, ein flommarkskog av lokal verdi og ei slåtteeing verdsatt svært viktig (A). Minstevassføring vil truleg ikkje vere nok til å oppretthalde fossesprøytsona rundt fossen øvst i Bergsgjelet. Det er lite sannsynleg å finne raudlisteartar i influensområdet.

Slåttemarka ved Aldal, verdi A, ligg i tilknytning til dei gamle stølsbygningane på Aldal. Det er ikkje påvist raudlisteartar her. Grunnen til den tunge verdivektinga er at slåttemarkar som ikkje er for prega av gjengroing er no truga og sjeldne.



Figur 1: Registrerte naturtyper og planlagte inngrep. 1: fossesprøytzone; 2: fossesprøytzone ved Aldal; 3: Slåttemark ved Aldal; 4: Gråor-heggeskog.

Fossesprøytsona øvst i Bergsgjelet får verdi som lokalt viktig (C). Det vart ikkje påvist raudlisteartar, og lokaliteten er ganske liten, men innhald fosseeng som er vurdert som noko truga. Den andre fossesprøytsona er i samband med fossen ved Aldal. Her vart det heller ikkje registrert raudlisteartar. Det er ein ganske liten lokalitet, men et miljø som skil seg frå omgjevnadane og er vaksestad for fleire kravfulle artar. Ifølgje den biologiske rapporten er kunnskap om fosseenger og fossesprøyttilknytte artar sin respons på regulering svært mangelfull. Ut i frå dagens kunnskap kan ein ikkje gje eksakte verdiar på kva minstevassføring bør vera for å ivareta artane og vegetasjonstypene. Ei regulering, uansett omfang, vil verka negativt på fossesprøytmiljøet. Jo større minstevassføring, jo mindre negativ konsekvens vil tiltaket gje.

Ved samlaupet med elva frå Bergsgjelet og elva frå Fossdal er det fleire øyer med flommarkskog. Slik skog dominert av gråor, sølvbunke og strutseving kan førast som gråor-heggeskog, med verdi C. Her vart det heller ikkje registrert raudlisteartar.

Det er registrert fossefall og det er sannsynleg at arten hekkar i området. Lia er ein kjend og fast lokalitet for kvitryggspett.

Ut frå registrerte naturverdiar vert influensområdet vurdert å ha **stor verdi**, hovudsakeleg trekke opp av slåttemarka. Konsekvensen av utbygginga vert vurdert til **middels negativ**.

Fisk

I Nedre Kumlevatn finst store mengder småvekst aure. Elveutløpet kan fungera som gyteplass for auren fram til fossen øvst i Bergsjuvet. På det strekket er elva ganske stillflytande og godt eigna som

levestad for ulike ferskvassorganismar. Elva lengre ned er ikkje eigna som gyteområde pga. fossar og stryk, men kan fungera som leveområde for aure som har vandre ned frå Nedre Kumlevatn.

Inntaket i det allereie eksisterande kraftverket i elva fungerer truleg som eit vandringshinder for ål (kritisk truga), men det er mogleg at nokre ål kan komma seg forbi og nytta elva som vandringskorridor på veg opp til dei høgareliggande vatna.

Landskap



Det er lite visuell binding mellom fjordsidene i Samlefjorden fordi fjorden er brei. Ytre Alsåker ligg som ei middels stor vik på sørsida av fjorden, og former eit lite lokalt landskapsrom. Fjordsida er her vesentleg slakare enn på nordsida. Nedre Kumlevatn ligg på 660 moh med ei bratt bjørkeskogkledd fjellside i øst. Mellom nedre Kumlevann og Bergsgjelet i vest er eit lite parti med noko bjørkeskog, snauvegetasjon og bart fjell, kor Alsåkerelva renn som ei rolig og brei elv. Deretter stuper ho i eit om lag 50 meter høgt fossefall ned. Elva tar ein 180 graders vending for så å følge

terrenget i ein markant v-formasjon, Bergsgjelet. Ca 515 moh avtar juvlandskapet og elva renn i ein noko slakare landskapsform vestover mot fjorden, fortsatt i kraftige stryk med stadvis markante erosjonsrenner og fossefall med fossesprøytoner. Omtrent heile vegen renn elva noko senkt ned i landskapet.

Minstevassføringa vil endra landskapsbiletet i elveløpet i sesongar med normalt høg vassføring, og særskild vil dette råka fossefalla og i Bergsgjelet. Ei oppdemming av Nedre Kumlevatn vil endra landskapsbiletet, men den naturlege vasstandsvariasjonen gjer at dei romlege verknadane vert noko redusert.

Tiltaksområdet ligg både innfor ei sone klassifisert som **stor verdi for sårbart høgfjell** og middels verdi i fylkesdelplanen for småkraftverk. Området ligg også innfor **eit fjordlandskap av stor verdi**.

I den generelle miljørapporten vert landskapet vurdert til **middels verdi** og konsekvensen av tiltaket vert vurdert til **middels negativt**.

INON

Tiltaket vil føra til eit tap av 0,24 km² INON sone 1 (3-5 km frå inngrep) og tap av 3,3 km² sone 2 (1-3 km frå inngrep).

Friluftsliv

Tiltaksområdet ligg i Gråfjell-Håsetkolla, som er registrert som eit regionalt friluftsområde med noko verdi (C) i fylkesdelplan for småkraftverk. Det er fleire turstiar i området langs Alsåkerelvi, med bruer over elva. Området er i hovudsak nytta av lokalbefolkninga, men også gjester frå Hardanger Gjestegard nyttar området.

Det er nokre stolar i området, og bygningane vert nytta som feriehus, både sommar og vinter.

Området er også nytta til hjorte- og småviltjakt.

Nærmiljø/friluftsliv vert vurdert å **ha liten/middels verdi** i den generelle miljørapporten, og konsekvensen vert sett til **liten negativ**.

D.4.

Vurdering og tilråding

Det er positivt at det til søknaden er laga både ein biologisk rapport og ein generell miljørapport som tek føre seg temaa landskap, INON, kulturminne, landbruk og nærmiljø og friluftsliv.

I vurderinga legg ein dei fylkespolitiske retningslinene for små vasskraftverk til grunn for vurderinga for tema der dei er relevante. Det er elles faglege vurderingar ut frå kunnskapsgrunnlag.

Biologisk mangfald

Med unnatak av for slåttemarka ved Aldal, konkluderer den biologiske rapporten med at det er best for dei verdfulle naturtypene å la lokalitetane vera upåverka. For fossesprøytsone kan høgare minstevassføring kanskje ha avbøtande effekt. Det er ifølgje rapporten lite sannsynleg å finna raudlisteartar her, som trekk verdien noko ned.

Slåtteenga ved Aldal må ivaretakast i anleggsfasen.

Gråor-heggeskogen bør ein unngå å komma i nærføring med. Ein bør sjå på moglegheitene til å leggja røyrkata og vegen utanom dette området.

Kulturminne

Konsekvensvurderinga er tilfredstillande når det gjeld kulturminnetema. Det er positivt at personar med kulturminnefagleg kompetanse har vurdert saka. Konsekvensutgreiinga manglar ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne.

Det er eit visst potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

I området ved Meldestveit ligg nokre freda gravminne tett inntil traktorvegen. Dersom det er aktuelt å utvida traktorvegen eller bruke den med større maskiner, er det viktig at dei freda kulturminna er merka i samband med anleggsarbeidet slik at det ikkje vert gjort skade på dei.

Landskap

Influensområdet ligg i ei sone klassifisert som verdifullt fjordlandskap. Det er krav om at det i søknad er lagt frem bilete som visar nær- og fjernverknad av tiltaket. Berre nærverknad er godt illustrert i søknaden, ingen bilete visar korleis og om utsikta frå fjorden vert råka.

R3 Fjordlandskap

2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere *restriktiv* med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrarter mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Fordi denne sida av fjorden er slakare og breiare er det mindre sannsynleg at fossane utgjør tydelege landskapselement sett frå fjorden. Dette burde vore utgreidd og illustrert i søknaden og den generelle miljørapporten.

Det er fleire fossar i elvestrekket, og ein kraftig reduksjon i vassføringa vil endra desse og dimed også landskapsbiletet. In bør difor vurdere høgare minstevassføring.

R4: Sårbart høgfjell

1. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere *restriktiv* med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.
Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.
2. I andre område med sårbart høgfjell bør ein *vise varsemd* med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.

Tiltaksområdet ligg i sårbart høgfjell av både stor og middels verdi. Det er positivt at ein skal bygga inntak veglaust og med tunnel den første, mest sårbare delen av rørgata.

Friluftsliv

Det er ikkje særleg store konsekvensar for friluftsliv. Av omsyn til jakt bør ein søka å unngå tungt anleggsarbeid i jaktseongen.

3. Fylkesrådmannens merknader

NVE har dei siste tre åra sendt mange søknader om bygging av små kraftverk på høyring. Særleg seint på våren er det kome mange saker med relativt korte høyringsfristar, gjerne midt i sommarferien. Hordaland fylkeskommune har søkt om og fått utsett høyringsfrist i mange høve. Årsaka til dei korte fristane er at NVE ønskjer å ha synfaring om hausten før snøen kjem.

Det store talet på saker heng saman med at Noreg har slutta seg til elsertifikatmarknaden med Sverige og skal vere med på å bygge ut fornybar kraft på tilsaman 26,4 TWh. Norske styresmakter har vedteke at dei nye norske bidraga skal stå ferdig til 1.1.2020, medan Sverige har sett noko lenger frist for si utbygging.

Hordaland er eitt av fylka med størst teoretisk potensial for utbygging av meir småkraft.

Eg meiner det er viktig at flest mogleg søknader vert sett i samanheng av omsyn til samla konsekvensar i eit område. Det er difor prisverdig at NVE har sendt dei 13 søknadane på Folgefonnhalvøya samla ut. Særleg når det gjeld sumverknader for både landskap og naturmangfald er det naudsynt.

Hordaland fylkeskommune er ein sentral høyringspart for NVE. For at vi skal kunne gjere vår del av jobben treng vi betre tid til handsaming av denne typen saker.